| | kring, eller som ein ikkje har oversikt over. Dette gjer at usikkerheitsavsettninga er vesentleg for lav, på dette stadiet. Dette basert på erfaringstal. Kvalitetssikring, som omtalt under tekniske forhold mangle. Dette gjer stor grad av usikkerheit.<br><br>Prosjekt er ikkje fult ut finansiert, pga. at tillegg, usikkerheit og prisstigning ikkje er finansiert. Det er ei stor svakheit, og betyr at anna finansiering må kome til, for at det skal vere mogleg å realisere prosjektet. | mangle. Dette gjer stor grad av usikkerheit.<br><br>Prosjekt er ikkje fult ut finansiert, pga. at tillegg, usikkerheit og prisstigning ikkje er kostnadsoppsettet. Det er ei stor svakheit, og betyr at anna finansiering må kome til, for at det skal vere mogleg å realisere prosjektet. |
| | Skaredammen | Nordfjordbadet |
| | | |
| <u>Driftsplan</u><br>· Drifts-<br>utgifter<br><br>· Besøk/målgrupper tal, mm<br><br>Drifts-inntekter | **Sum**<br>**Kr.4 760 000**<br>Bemanning<br>kr.1 500 000<br>Bassengdrift<br>kr. 1 000 000<br>Bygg/energi<br>kr. 900 000<br>Vedlikehald/reserve kr. 750 000<br>Marknadsføring<br>kr. 110 000<br>(utgifta i det materialet kommunen har fått er kr. 0,5 mil lågare enn inntekta)<br><br>**Anslått besøkstall er 21 000 årleg.**<br>Dette er eit anslag, dei peike på at det kan bli både lågare og høgare.<br><br>**Sum**<br>**kr. 4 760 000**<br>Billettinntekt<br>kr. 3 050 000<br>Kommunen/svømming kr. 1 500 000<br>Andre inntekter kr. 210 000 | **Sum**<br>**kr.9 245 000**<br>Personal<br>kr. 3 500 000<br>Energi<br>kr. 1 500 000<br>Vedlikehald<br>kr. 280 000<br>Andre driftsutgifter<br>kr. 250 000<br>Servicekost.<br>Kr. 600 000<br>Kjøp av tenester<br>kr. 500 000<br>Finanskostnader<br>kr. 2 615 000<br><br>**Anslått besøkstall er 71 000 årleg.**<br>Dette er eit anslag, dei peike på at det kan bli både lågare og høgare.<br><br>**Sum**<br>**Kr. 9 245 000**<br>Billettinntekt<br>kr. 6 745 000<br>Økt attraksjonsverdi kr. 250 000<br>Andre inntekter |

| | | |
|---|---|---|
| | **Fordelar**<br>Det er lagt opp til ei nøktern drift, noko som er naudsynt for dette anlegget<br>**Ulempar**<br>Det er usikkert om besøkstalet er sett for høgt. Det er også vanskeleg, eller kanskje ikkje mogeleg å få til drift med ei så låg bemanning, sett opp mot eit så høgt beskstal, da dette vil krevje mykje opningstid. | kr. 500 000<br>Kommunen/svømming kr. 1 500 000<br>Andre opplæring kr. 250 000<br><br>**Fordelar**<br>Det er eit realistisk drfitsbudsjett som er lagt fram.<br>**Ulempar**<br>Drifta må handtere relativt mykje lånegjeld. Dette gjer sårbarheit, og medføre risiko. |

**Skulesymjing – utgifter til skyss.**

| | Skaredammen | Nordfjordbadet (sentrum) |
|---|---|---|
| Skram skule | 120 000 kr pr år. | 0 |
| Deknepollen skule | 70 000 kr. pr år | 40 000 kr. pr. år |
| **Sum** | **190 000 kr. pr år.** | **40 000 kr. pr. år** |

Tabellen overfor vise skysskostnadar, for dei ulike alternativa. Det er viktig å merke seg at dette er basert på minimum tal timar med skulesymjing.

Kostnadane til skyss er ikkje høge i ei større samanheng. Dei økonomiske forskjellane på skysskostnader er ikkje avgjerande.

Det viktige er at med Skaredammen må alle elevar i buss ved skulesyming, mens for Nordfjordbadet kan elevane gå til bassenget. Det vil vere ein kvalitet for dei elevane som kan gå, til og frå symjing.

**Vurderingar:**
**Generelt**
Kommunedirektøren vurderer det slik at dei to prosjekta har kome såpass langt med sitt arbeid, at det er tilrådleg å gjere eit val på kva for prosjekt kommunen bør gå vidare å samarbeide med. Etter at det oppsto ein situasjon med to alternativ, har arbeidet i begge prosjekta hatt god framdrift. Kommunedirektøren vil bereømme den innsatsen som begge prosjekta har gjort dei siste månadane.

Ingen av prosjekta er kome til eit stadie kor det er forsvarleg å gjere forpliktande vedtak om kommunal økonomisk bidrag, enten det gjeld investeringsbidrag eller drift. For det hefter det for stor usikkerheit til begge prosjekta.

Når administrasjonen slår fast at prosjekta ikkje er moden, og at det fortsatt er stor usikkerheit, så er ikkje det kritikk av det arbeidet som har gjort. Det er bere ei konstatering av status for prosjekta, pr. mars 2026.

**Måloppnåing**
Eit sentrumsbad kjem klårt best ut i vurdering av måloppnåing, basert på vedtekne

planar, og har god måloppnåing på nesten alle punkt.

Eit badeanlegg er ikkje berre eit bygg – det er ein langsiktig tiltak for helse, møteplassar samfunnsutvikling mm. Kommuneplanen peikar eintydig på at bassenget/badeanlegget bør stå der flest menneske faktisk møtest i kvardagen i Måløy sentrum.
Denne løysinga:
– gir høgast måloppnåing i kommuneplanen
– støttar samlokalisering, 10-minuttsbyen og berekraftig arealbruk
– gir best tilgjenge for flest mogleg
– styrkar byliv, folkehelse og inkludering
– gir mest robust drift og samfunnsnytte over tid.

Eit basseng på Skaredammen vil kunne gje positive effektar for nærmiljøet på Raudeberg.

**Teknisk forhold**
Det er to heilt ulike konsept som blir presentert.
<u>Skaredammen</u>.
Prosjektet er planlagt med «enkle løysingar» for konstruksjon på bygget og bassengløysinga. Bassengløysinga er i prefabrikkert glassfiber med sandwich – konstruksjon. Dette er ein relativt billig løysing, som er rask å montere. Det er større usikkerheit knytt til tekniske rom og tekniske løysingar. Her er det enda ein del usikkerheit, og dette kan føre til høge vedlikehaldskostnader over tid.

Planløysing er funksjonell og verke å vere godt gjennomarbeid. Planløysinga er godt tilpassa lokaliseringa, konseptet og eit enkelt og relativt rimeleg bassengalternativ.

<u>Nordfjordbadet</u>
Prosjektet er basert på kjente løysingar, både når det gjeld funksjon og tekniske løysingar. Dette gjer at det i utgangspunktet er mindre usikkerheit med omsyn til bygg og tekniske løysingar.

Prosjektet er i si løysing utforma som eit tradisjonelt badeland, med dei funksjonane publikum forvente å finne i eit slikt anlegg. Anlegget er vist med ein arkitektur som kan vere positiv for sentrum, og sentrumsutvikling. Prosjektet kan tilføre kvalitetar til sentrum.

Det er fortsatt risiko ved begge prosjekta. Skaredammen har innovative løysingar, som kan vere spennande. Samtidig inneberer dette relativt stor risiko med tanke på å få til ynskja funksjon og framtidige driftsutfordringar.

**Økonomi**
Det er opplagt at det er ulik økonomi i dei to prosjekta, i og med at det er to heilt ulike prosjekt som blir presentert.

<u>Skaredammen</u>
Dette kan vere eit relativt prosjekt å realisere. Samtidig er det viktig å merke seg at det kan vere risiko knytt til dei tekniske løysingane knytt til sjølve badeanlegget.

Finansiering av anlegget kan også vere realistisk å få på plass. Samtidig er det viktig å vere klar over at finansieringsplanen ikkje tek høgde for tillegg, som vi veit vil kome, den tek heller ikkje høgde for usikkerheit og prisstigning. Dette gjer at den endelege finansieringa av prosjektet ikkje er vist. Korleis, og kva for aktørar som må vere med på ei finansiering utover det som er vist, er altså usikkert.

Det er gjort eit vurdering av besøksgrunnlaget. Det er naturleg at dette er eit anslag. I det oversendte materialet er det vist eit intervall mellom lågaste og høgste anslag for årleg besøk. I driftsbudsjettet er det eit middelalternativ på om lag 21 000 betalande gjestar som er lag til grunn. Dette kan vere eit vel optimistisk estimat. Grunnen til dette

er at Skradammen vil vere eit basseng, med eit mindre barnebassen/plasskedam. Dei bada som det er naturleg å samanlikne seg med, er større badeland, som naturleg vil trekke folk frå eit større omland.

Det er laga eit budsjett for driftsøkonomien. Det er svært nøkternt. Tydeligst er det innanfor bemanning. Det er tilsaman lagt inn to årsverk. Fordelt på badevakt, leiing og vaktmester. Dette er svært lågt når ein veit kor komplekst det er å drifte eit slikt anlegg. Det er vanskeleg å finne ein samanheng mellom eit relativt høgt besøkstal, og ei så låg bemanning, når ein veit at dette skal gå opp, med vakter mm.

Energiløysingane er 100% basert på straum. Dette gjer anlegget sårbart for svingingar i strømprisen.

<u>Norfjordbadet</u>
Det er tatt utgangspunkt i eit tradisjonelt anlegg, med velprøvd teknologi. Dette gjer at prising av anlegget i bunn er relativt solid. Det mangle berekningar av tillegg, usikkerheit og prisstigning. Desse postane er vanskeleg å sette i eit så tydeleg stadium. Difor må usikkerheita settast ganske høgt. Dette er det ikkje teke høgde for.

Det er laga ein finansieringsplan som vise korleis anlegget kan realiserast. Det er usikkere postar i planen, mellom anna folkefinansiering og kommunalt bidrag. I tillegg er det i finansieringsplanen ikkje teke høgde for usikkerheit, som omtalt overfor. Dette betyr at forventa tilleggskostnadar ikkje er finansiert.

Det er lagt til grunn eit besøk basert på analysa som PWC gjorde for eit par år sida. Her vart det anslått 55 000 betalande gjestar i året. Dette mellom anna basert på samanlikning med bad i nærområdet. I tillegg er det lagt inn besøk frå cruiseturistar. Badet vil opplagt få besøk av denne type turistar. Å legge anslaget frå crusturistane oppå anslaget frå PWC er optimistisk, og bør kvalitetssikrast.

Det er laga eit greitt oppsett av driftsøkonomien. Tal årsverk virke å vere realistisk, mellom anna samanlikna med Havhesten. For driftsmateriell, vedlikehald mm er tala noko låge.

**Kommunal deltaking**
Begge prosjekta legg opp til at kommunen skal bidra til investering. Kr. 12 mil i Skaredammen og kr. 50 mil i Nordfjordbadet. Dette er midlar som ikkje står økonomiplanen, eller som kommunen på noko anna måte har teke høgde for.

Begge prosjekta har lagt inn kr. 1,5 mil i årleg betaling for skulesymjing. Det verke å vere kurrant.

Skaredammen er organisert som eit SA. Dvs at kommunen ikkje er tiltenkt ei eigarrolle, korkje i bygging eller drift av anlegget.

Nordfjordbadet AS er eid 52% av Kinn Kommune og 48% av Næringslivet gjennom Nordfjordbadet InvestAS.

Dersom kommunen skal bidra i innvestering er det ulike måtar å løyse det på, når det skal investerast i bygg som ikkje er eigd av kommunen. Det er i denne saka er det ikkje gjort framlegg om korleis dette konkret skal løysast, men må gjerast dersom det blir aktuelt å gå vidare med eit av alternativa.

Grunnlaget for kommunal med finansiering gjennom investeringsmidlar er avgrensa av kommunelova §14-16. Viktige element her er at kommunen må ha bestemmande innflytelse i selskapet (eigardel), og investeringa må vere innan eit område kor kommunen har lovpålagt ansvar. Dette betyr at det er moglegheit for at kommunen bidreg til investeringa sjølv om at dette ikkje er eit reint kommunalt prosjekt. I samband med ei eventuell konkretisering av engasjement er det også mogeleg å finne

finansieringsmodellar der kommunen har lågare eigarandel i selskapet som skal investere og drive anlegget.

**Risiko**
Det er gjort godt arbeid frå begge prosjekta både i forkant, og i etterkant av kommunestyret sitt vedtak om at det er ynskeleg å handsame ei sak, der kommunestyret tek stilling til kva for bassengalternativ i Måløy det er ønskeleg å gå vidare med. Begge prosjekta er utarbeid av organisasjon/personar utanfor Kinn kommune. Begge initiativa har knytta til seg profesjonelle aktørar, i tillegg til at det er gjennomført ein betydeleg frivillig innsats frå begge.

Det står igjen betydeleg risiko for begge prosjekta. Dette gjeld både for tekniske løysingar, investeringskostnadar og driftsøkonomi. Kommunen vil på ein eller anna måte vere involvert, uansett kva for prosjekt som blir vald. Difor er det frå kommunedirektøren lagt stor vekt på å peike på dei risikoane som ligg til prosjekta.

Basseng i Måløy vil vere viktig for alle innbyggjarar i lang framtid. Difor er det viktig i ein planfase å få alle forhold på bordet, slik at det er mogleg å planleggje for eit anlegg som gjer føreseielege rammer for alle.

## Oppsummering
Det vert tilrådd å plassere badeanlegget i Måløy sentrum, dvs. Nordfjorbadet. Dette pga:

- Nordfjorbadet gjer klart best måloppnåing, jf det som kjem fram i saka og i vedlegget «vurdering av måloppnåring for dei to alternativa». Det er klart at det er dette prosjektet som gjer klart best samfunnsnytte. Der utvikling av eit attraktivt sentrum er sentralt.
- Prosjektet er eit badeland, som vil gje innbyggjarar og besøkande eit godt tilbod. I tillegg til at plasseringa gjer anlegget meir attraktiv, vil også innhaldet vere vesentleg meir attraktivt enn prosjektet på Skaredammen.
- Prosjektet byggje på kjent teknologi og løysingar. Dette gjer redusert risiko både ved investeringa og i eit langsiktig driftsperspektiv.

Skaredammen er eit spennande alternativ, først og framst for å sikre eit opplæringsbasseng i Måløy. Det vil på langt nær gje dei same positive samfunnsverknadane som eit Nordfjordbad i Måløy sentrum.

Nordfjordbadet vil ha ein økonomiske kostnad for samfunnet. Både for private og kommunen. Kommunedirektøren meiner dette er eit samfunnsprosjekt, som er riktig å gjennomføre i eit fellesskap mellom næringsliv, innbyggjarar og kommunen. På sikt vil det vere ei overvekt av positive effektar av ei slik stor investering.

**Økonomiske konsekvensar**:
Denne saka i seg sjølv utløyse ikkje økonomiske konsekvensar for kommunen.

Kommunen må vere budd på å delta økonomisk i realisering av Nordfjordbadet. For at det skal vere mogleg å få til, sett opp mot kommunen sin økonomiske situasjon, må kommunen si deltaking vere så liten som mogleg. Difor er det avgjerande at det fortsatt blir arbeid med privat og folkefinansiering for at det skal vere mogleg å få til dette løftet.

Det er innanfor gjeldande økonomiplan svært lite rom for nye investeringar. Økonomiplan for 2026-29 har svak balanse. Alternativt kan det vere mogleg å finne rom i økonomiplanen frå og med 2030.

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

Forslag til vedtak frå R, V, SP, KrF og Hilmar Eliasson, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt
1. Kommunestyret viser til saksframlegget om bassengalternativ i Måløy og konstaterer at begge prosjekta framleis har låg modenheit og at det er knytt betydeleg usikkerheit til tekniske løysingar, investerings- og driftskostnader.

2. Kommunestyret meiner det ikkje er tilstrekkeleg grunnlag for å velje eitt prosjekt på dette tidspunktet.

3. Kommunestyret legg til grunn at det vil ta fleire år før eit eventuelt prosjekt kan realiserast, og meiner det er formålstenleg å nytte denne tida til å få eit betre beslutningsgrunnlag.

4. Kommunedirektøren vert beden om å bestille ei uavhengig ekstern vurdering av følgjande alternativ:
- Nordfjordbadet i Måløy sentrum
- Badeanlegg ved Skaredammen på Raudeberg
- Badeanlegg i tilknyting til Nordfjordhallen på Tennebø

5. Den eksterne vurderinga skal samanlikne alternativa med omsyn til:
- investeringskostnader og finansiering, herunder ekstern medfinansiering
- driftsøkonomi
- teknisk risiko
- samfunnsnytte og lokalisering
- konsekvensar for skulesymjing og folkehelse
- realiserbarheit og framdrift

6. Saka vert lagt fram for kommunestyret på nytt når ei slik uavhengig vurdering ligg føre.

Fremmer formannskapet sitt vedtak av 26.03.2026, foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn SenterpartiUavhengigKinn Sosialistisk Venstreparti
Kommunestyret vil samarbeide med Nordfjordbadet om å utvikle eit bassengtilbod i Måløy.

Eventuell kommunal involvering i prosjektet blir å kome tilbake til når prosjektet er kome til ein modenheit, som tilfredsstille dei krava som kommune stille til prosjekt, prosjektgjennomføring og innarbeiding i økonomiplan

Administrasjonen skal støtte Nordfjordbadet med prosjektfagleg vegleiing. Ansvaret for prosjektet skal fortsett liggje hjå initiativtakar/selskap.

Repr. Iversen (Venstre) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er ein del av prosjektutvalet og er medlem av styret i Skaredammen Idrettspark SA. Kommunestyret erklærer samrøystes representanten som inhabil etter fvl.§ 6 e.
Repr. Iversen fråtredde og vararepr. Horne tiltredde i saka.

Repr. Mobakken (FrP) ønskjer sin habilitet vurdert, då er del av prosjektet i Skaredammen Idrettspark SA. Kommunestyret erklærer samrøystes representanten som inhabil etter fvl. § 6 e.
Repr. Mobakken fråtredde og vararepr. Hauge tiltredde i saka.

Repr. Kvalheim (UAH) ønskjer sin habilitet vurdert, då hans bror gjennom firmaet KODA er direkte involvert som leverandør i saka.
Kommunedirektøren vurderer at representanten er inhabil etter fvl § 6 2; den som sjølv, eller nokon som står den folkevalde nær, har økonomiske interesser i ei sak vil bli ein bli inhabil. Kommunestyret erklærer samrøystes representanten som inhabil etter fvl. § 6.

Repr. Kvalheim (UAH) fråtredde og vararepr. Nygård (H) tiltredde i saka frå kl 14.15.

Repr. Eliasson informerer om at han meldte seg inhabil i Oppvekst- og kulturutvalet i denne saka grunna sin posisjon hos iVest consult, men har klaga på beslutninga. Han meinar han er habil, ikkje har hatt direkte involvering og prosjektet er avslutta. Kommunedirektøren vurderer han som habil etter fvl. § 6, med kun administrativ involvering. Det er ikkje grunnlag for at han har deltatt i saksbehandling og heller ikkje har personleg interesse. Kommunestyret erklærer samrøystes representanten som habil.

Repr. Nydal ønskjer sin habilitet vurdert, då han er styreleiar i iVest consult, same firma som repr. Eliasson. Kommunedirektøren vurderer han som habil etter fvl. § 6. Kommunestyret erklærer samrøystes representanten som habil.

**Røysting:**
Framlegg frå Venstre, SP, KrF, Raudt og repr. Eliasson (UAH), framsett av repr. Henriksson vart sett opp mot innstilling frå formannskapet og falt med 15 røyster (2 FrP v/Refvik og Kvalheim, 3 SP, 2 UAH v/Teige og Eliasson, 4 Raudt, 2 Venstre, 2 KrF).

**KOST- 050/26 Vedtak:**
Kommunestyret vil samarbeide med Nordfjordbadet om å utvikle eit bassengtilbod i Måløy.

Eventuell kommunal involvering i prosjektet blir å kome tilbake til når prosjektet er kome til ein modenheit, som tilfredsstille dei krava som kommune stille til prosjekt, prosjektgjennomføring og innarbeiding i økonomiplan.

Administrasjonen skal støtte Nordfjordbadet med prosjektfagleg vegleiing. Ansvaret for prosjektet skal fortsett liggje hjå initiativtakar/selskap.

## Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt
Kommunestyret vel å samarbeide med Skaredammen SA om å utvikle eit bassengtilbod på Skaredammen på Raudeberg.

Forslag fra H, Ap, SV og  Frp, foreslått av Mats Brunsvik, Kinn HøgreUavhengigKinn Fremskrittsparti
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret vil samarbeide med Nordfjordbadet om å utvikle eit bassengtilbod i Måløy.

Eventuell kommunal involvering i prosjektet blir å kome tilbake til når prosjektet er kome til ein modenheit, som tilfredsstille dei krava som kommune stille til prosjekt, prosjektgjennomføring og innarbeiding i økonomiplan

Administrasjonen skal støtte Nordfjordbadet med prosjektfagleg vegleiing. Ansvaret for prosjektet skal fortsett liggje hjå initiativtakar/selskap.

Repr. Djuvik (FrP) fekk permisjon kl 12.00-13.15.
Vararepr. Kvalheim (FrP) tiltredde i saka.

**Røysting:**
Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson vert sett opp mot framlegg frå H, AP, SV og FrP v/repr. Brunsvik og falt med tre røyster frå Raudt, SP, og Venstre.

**FORM- 042/26 Vedtak:**
Kommunestyret vil samarbeide med Nordfjordbadet om å utvikle eit bassengtilbod i

Måløy.

Eventuell kommunal involvering i prosjektet blir å kome tilbake til når prosjektet er kome til ein modenheit, som tilfredsstille dei krava som kommune stille til prosjekt, prosjektgjennomføring og innarbeiding i økonomiplan

Administrasjonen skal støtte Nordfjordbadet med prosjektfagleg vegleiing. Ansvaret for prosjektet skal fortsett liggje hjå initiativtakar/selskap.

## Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 24.03.2026:

Utsetjing behandling av innspill fra Skavøypoll Idretteslag i høve sak 042/26, foreslått av Dagrun Almenning Kvalheim, Kinn Høgre
Innspel frå Skavøypoll Idrettslag ang. sak 042/26 kom medlemmane i utvalet i hende rett før, til dels under møtet i OK-utvalet. Vi ber om at sak 042/26 vert behandla slik den opprinneleg ligg føre, og at innspelet frå Skavøypoll Idrettslag vert sendt over til formannskapet og kommunestyret til ev. vidare behandling.

Fellesforslag frå Sp, R og V, foreslått av Elisabeth Halsne, Kinn Senterparti
Kommunestyret vil samarbeide med Skaredammen om å utvikle bassengtilbod i Måløy.

Eventuell kommunal involvering i prosjektet blir å kome tilbake til når prosjektet er kome til modenheit, som tilfredsstille dei krava som kommune stille til prosjekt, prosjektgjennomføring og innarbeiding i økonomiplanen.

Utvalsleiar Hilmar Eliasson (UAH) melder seg inhabil etter kommunelova § 11-10, i saka med bakgrunn i at hans firma iVest Consult AS er delaktiv i prosjektering.
Oppvekst- og kulturutvalet vedtek samrøystes Hilmar Eliasson som inhabil i handsaminga av saka.
Repr. Eliasson  fråtrer og repr. Seljeseth (V) tiltrer som vara.

Nestleiar Almenning Kvalheim tek over som møteleiar i saka.

Innspel frå Jørgen K. Blålid - Vurdering av bassengalternativ i Måløy, mottatt på epost mandag 23.03.2026. Innspelet vert lagt ved saka.

**Røysting:**
Tilleggsframlegg frå Høgre v/repr. Almenning Kvalheim samrøystes vedteke.
Fellesframlegg frå SP, Raudt og Venstre, framsett av repr. Halsne, vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg og falt med tre røyster frå SP v/Halsne, Raudt v/Knutsen og Venstre v/Seljeseth.

**OPKUV- 042/26 Vedtak:**
Kommunestyret vil samarbeide med Nordfjordbadet om å utvikle eit bassengtilbod i Måløy.
Eventuell kommunal involvering i prosjektet blir å kome tilbake til når prosjektet er kome til ein modenheit, som tilfredsstille dei krava som kommune stille til prosjekt, prosjektgjennomføring og innarbeiding i økonomiplan.
Administrasjonen skal støtte Nordfjordbadet med prosjektfagleg vegleiing. Ansvaret for prosjektet skal fortsett liggje hjå initiativtakar/selskap.

Innspel frå Skavøypoll Idrettslag ang. sak 042/26 kom medlemmane i utvalet i hende rett før, til dels under møtet i OK-utvalet. Vi ber om at sak 042/26 vert behandla slik den opprinneleg ligg føre, og at innspelet frå Skavøypoll Idrettslag vert sendt over til formannskapet og kommunestyret til ev. vidare behandling.

**Vedlegg i saken:**
Vurdering av måloppnåing for dei to alternativa
Skaredammen - vedlegg
Skaredammen Idrettspark SA - Svar på spørsmål m.m.
Finansieringsplan – Kort oppsummert
Svømmeanlegg gjennom samvirkelag – en realistisk og forutsigbar modell for kommunen
Presentasjon Skaredammen feb 2026
Anbefaling - Kommunen bør benytte én uavhengig beregningsmodell for både besøkstall og billettinntekter ved sammenligning av badeanlegg
Følgeskriv kontrollkalkyle
internkalkyle oppsummert
3 årlig inntektsoversikt
5 Spillemidler – oversikt over tilskuddsberettigede tiltak
Investeringskalkyle_oppdatert_A3
1 Svar på spørsmål fra kommunen
4 årlig driftskostnad
2 besøksestimat
Kalkyler skaredammen
Basseng i GRP - bærekraft i praksis
ISY Calcus - Skaredammen 7
Skaredammen - A3 plantegning
Nordfjordbadet - vedlegg
Nordfjordbadet
Følgeskriv
Vedlegg 1c-A20-1 Plan 1. etasje 5
Vedlegg 1d-A20-3 Plan 2. etasje 5
Vedlegg 1e-A20-4 Plan mesanin 5
Vedlegg 1f-A30-1 Snitt 01-03 5
Vedlegg 1g-A30-2 Snitt 04 5
Vedlegg 1h-A40-1 Fasade NV-NØ 5
Vedlegg 1j-A50-1 Illustrasjoner 5
Vedlegg 1k-A50-2 Illustrasjoner 5
Vedlegg1i-A40-2 Fasade SV-SØ 5
Vedlegg 1a-A10-1 Situasjonsplan 5
Vedlegg 1b-A20-0 Plan parkering 5
Vedlegg_2_P85 Kalkyle
Vedlegg_3_PWC rapport Nordfjordbadet AS
Vedlegg_4_Reiselivspotensial ved realisering av Nordfjordbadet
Vedlegg_5_ Notat RIG04 Vurdering av fundamentering
Rapport Nordfjordbadet 06.03.26
Vedlegg_1_Tegninger og visualiseringer
Innspill til sak nr. 042/26 - Vurdering av bassengalternativ i Måløy
Politisk_Notat_v11
Tennebø Mulegheitsanalyse_2026_v20

# Kinn kommune

**Arkiv:**
**JournalpostID:** 26/17002
**Sakshandsamar:** Oddgeir Nygård
**Dato:** 17.03.2026

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 037/26 | Oppvekst- og kulturutvalet | 24.03.2026 |
| 041/26 | Formannskapet | 26.03.2026 |
| 051/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |

# Prosjektplan ved M-1 (analyse - frys) for prosjekt 51045 - Florø barneskole inkl. ny gymsal

**KOST- 051/26 Vedtak:**

1. Prosjektplan ved M-1 godkjennast for vidare arbeid
2. Det skal setjast av 0,5 % av seinare estimert entreprisekostnad for kunstnarisk utsmykking i prosjektet (Likt Skram skule).

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.03.2026**

1. Prosjektplan ved M-1 godkjennast for vidare arbeid
2. Det skal setjast av 0,5 % av seinare estimert entreprisekostnad for kunstnarisk utsmykking i prosjektet (Likt Skram skule).

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Prosjektplan ved M-1 godkjennast for vidare arbeid
2. Det skal setjast av 0,5 % av seinare estimert entreprisekostnad for kunstnarisk utsmykking i prosjektet (Likt Skram skule).

---

**Bakgrunn for saka:**
Gjennom vedtak i kommunestyret KOST- 110/25 Vedtak: Områdevurdering og skulestruktur 23.10.25, vart det vedteke å leggje ned Krokane skule med verknad frå og med 01.08.28. Det vart også vedteke at om lag 70% av elevmassane ved skulen skal flyttast til Florø barneskole og at om lag 30% av elevane skal flyttast til Torvmyrane skule. Det vart også vedteke at sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Krokane skule, skulle startast opp snarast.

Som del av saksutgreiinga frå Kommunedirektøren, vart det i forkant og som del av saksutgreiinga gjennomført ei moglegheitsstudie for Florø barneskule. Denne vart formelt presentert i Oppvekst og kulturutvalet gjennom saka OPKUV- 069/25 Orientering mulighetsstudiet for Florø barneskole 2025 den 14.10.25.

Gjennom Kommunestyresak 135/25: Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 den 16.12.25, vart det avsett midlar til å gjennomføre tiltrengt vedlikehald,

oppgradering og bygging av ny gymsal og undervisningsareal til mellomtrinnet på skulen, samt etablere ekstra kapasitet til å kunne ta imot den nye elevmassen frå Krokane skule.

| År | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | Samla |
|---|---|---|---|---|---|
| Beløp | 3 MNOK | 3 MNOK | 63 MNOK | 137 MNOK | 200 MNOK |

**Saksopplysningar:**
Som følgje av vedtaka i bakgrunnen for saka har Kommunedirektøren no arbeidd vidare med å løyse oppgåvene knytt til vedtaka.

<u>Gjennomføringsmodell for det vidare arbeidet:</u>
Arbeidet med gjennomføring av vedtakspunkta vil organiserast som eit prosjekt. Kommunens gjennomføringsmodell for prosjekt vil verte nytta i dette arbeidet. Status i prosjektet og denne saka summerer arbeidet som allereie gjennomført og beskriv vidare arbeid, i komande fase. I tillegg til det materielle i saka, så handlar saka om å etablere ei formell milepåleoppnåing for milepålen M-1 (Analyse – frys). Saka markerer såleis at prosjektet formelt går inn i «Definisjonsfasen» og delfasen programmering og skisse til milepålen M-2 (Desigbase – frys). I denne prosjektfasen ein som hovudmål å:

- Gjere endeleg verifikasjon funksjonar og funksjonskrav og «låse» desse.
- Utarbeide volumstudie, endeleg romprogram, flytskjema og overordna skisseløysningar, situasjonsplanar, utanomhusplanar, etasjeplanar, fasadar, snitt og 3D modellering og visualisering.
- Revidert P-85 estimat og framdriftsplan ved milepåle M-2 (Designbase-frys)
- Politisk sak for milepålen M-2 (Designbase-frys) og vidare arbeid for fasen Prosjektering.

Gjennomføringsmodell for prosjekt:




<u>Organisering av arbeidet:</u>
Kommunedirketøren har i det vidare arbeidet valt å dele oppgåvene inn to delprosjekt. Desse delprosjekta er; Byggeprosjektet, som har som oppgåve å realisere

renovering, oppgradering og nybygg knytt til oppgåvene, og; Organisasjonsprosjektet, som har som oppgåve løyse det skulefaglege og organisatoriske oppgåvene knytt til vedtaka.




Organisasjonskart og medverknad:

For Kommunedirektøren har det vært vesentleg å legge til rette for ei god involvering av tilsette, elevar føresette og andre interessentar og brukarar av skulane knytt til vedtaka.

I det vidare arbeidet har ein vektlagt viktigheita om at ein skal lage ein ny felles Florø barneskole for både Krokane skule og Florø barneskole. Det er viktig for Kommunedirektøren at alle tar del og kjenner eigarskap til det vidare arbeidet. Ein har derfor brei deltaking frå begge skulane, både når det gjeld tilsette, elevar og FAU.




Involvering gjennom prosjektfasane:

Kommunedirektøren legg opp til brei involvering i det vidare arbeidet med prosjektet.




<u>Styrande ramme for prosjektet</u>
Kommunedirektøren legg til grunn følgande styrande rammer for gjennomføring av prosjektet.

- Økonomisk ramme i økonomiplanen er 200 MNOK inkl mva. I dette er det ikkje tatt høgde for eksterne tilskot og midlar. Prosjektet skal søke å innlemme ekstern finansiell støtte til prosjektet (ulike tilskotsordningar som spillemidler, Sparebankstiftinga, Husbankens rentekompensasjon ordning, ENOVA, kultur støtteordningar, etc.) Dette betyr at samla ramme kan aukast tilsvarande og utan at kommunen sitt låneopptak blir auka.

- Skulen skal være klar til full drift frå og med skolestart 2028

- Hovud prosjektet 51045 - Florø barneskole inkl. ny gymsal skal deles opp i følgande under prosjekter med eige budsjett
- 51056 Rehabilitering av småskolen (U51045)
- 51057 Rehabilitering gamle skolebygget inkl. bygging tilbygg (U51045)
- 51058 Ny gymsal ved Florø barneskole (U51045)
- 51059 Rehabilitering/oppgradering uteområdet Florø barneskole (U51045)

- Det skal gjennomførast ei analyse som følge av fleir elever frå aust. Eventuelle tiltak skal gjennomførast som eige prosjekt. Dette gjennomførast med eige budsjett. (trafikksikkerheitsmidlar).

- Skulen sin behov mht gymsal skal være styrande i forhold til arealutnytting og behov knytt til utnyttinga av KBA tomta.

- Ved behov for mellombels undervisningslokale skal eksisterande skoler nyttast.

- Eventuell bruk av prestegården skal organiseres og finansieres som eget

underprosjekt

Kostnadsramme og kostnadsestimat

Avsett kostnadsramme for prosjektet er på samla 200 MNOK. Til grunn for denne ramma ligg arbeidet og kostnadsestimata gjennomført i mogelegheitsstudien. Avsett ramme på 200 MNOK er basert på følgande estimat i studien.

- Tilbygg for mellomskulen ca. 700 m2 MNOK 38,5
- Ombygging av gamle gymsal bygget MNOK 35,0
- Ombygging av hovudblokka MNOK 20,0
- Ombygging av småskulen MNOK 6,0
- Rehabilitering og vedlikehald teknisk MNOK 48,3
- Ny gymsal MNOK 54,0
- Rehabilitering av uteområdet MNOK 5,0

Estimatet er basert på norsk prisbok 01/25 og vurdering av erfaringstal. Det er ikkje gjennomført et kvalitativt trepunkts P-85 estimat med tilhøyrande usikkerheits analyse i arbeidet med estimata

Tala er ikkje medrekna følgande:

- Kostnader for mellombels undervisning
- Inventar
- Finansieringskostnader og byggjelåns kostnadar
- Miljøsanering, ombrukskartlegging og grunnundersøkingar
- Interne prosjektadministrative kostnader
- Kunstnarisk utsmykking
- Kompensasjon gjennom spelemidlar, enøk tiltak og andre formar for tilskotsordningar

Kostnadsstyring i kommende fase

Prosjektet er å rekne som krevjande mht den økonomiske ramma og opp mot kva skuledrifta helst skulle ønskt kunne vært gjennomført. Kostnadskontroll og fokus på å unngå vekst i prosjektet er derfor svært viktig. Ein vil som følje av dette ha eit sterkt kostnadsfokus i komande fase. Kommunedirektøren har derfor lagt opp følgande løpande og felles arbeidsprosessar i den komande programmering og skisse fasen.

- Arbeidssesjonar for globalt design og overordna funksjonskrav og volum
- Arbeidssesjonar for låsing av romprogram med tilhøyrande funksjonsbeskrivingar
- Arbeidssesjonar for låsing av situasjon og etasjeplanar
- Arbeidssesjonar for låsing av teknisk installasjonar
- Arbeidssesjonar for låsing av utbetring manglande vedlikehald.
- Arbeidssesjonar for låsing av utanomhusplanar
- Arbeidssesjonar for låsing av fasadar, snitt og bygningsfysikk
- Arbeidssesjonar for kostnadsestimat (P-85)

Alle arbeidssesjonane skal ivareta kostnads vurdering og estimattal til arbeidet med P-85 arbeidet.

## Framdriftsplanar for prosjektet

I arbeidet gjennom analysefasen fram til M-1, har ein identifisert behovet for at ein må gjennomføre rehabiliteringa av småskulen (maurtua) i et raskare og tidelegare løp enn for øvrige bygningsmasse. Dette for å best ivareta at ein kan nyttiggjere seg av ledig og tilgjengeleg læringsarenaer på andre skular. Ein har derfor konkludert med følgande gjennomføringsplanar.







## Entreprisemodell for prosjektet

Kommunedirketøren har i sin vurdering valgt å gjennomføre prosjektet som byggherrestyrte utførelses entrepriser. Dette er i hovedsak vurdert og begrunnet med følgende:

- Bedre tilrettelegging for reell involvering
- Tidsbesparing i forhold til prosess med totalentreprise eller samspillentreprise
- Bedre kontroll, styring og kvalitet på prosess og veivalg
- Større mulighet til å gjøre kostnadstiltak og endringer under prosjekteringsfasen
- Større muligheter for å få tilbud lokale tilbydere




**Vurderingar:**
Kommunedirektøren vil gjere ein oppmerksam på at prosjektet er krevjande og har ein forhøga risikoprofil. Dette er i hovudsak knytt til at ein har kort tid på å gjennomføre og realisere prosjektet på. Ein har også eit avgrensa budsjett.



God risiko balanse

| Balansering av styringskrav | Risiko |
|---|---|
| Kostnad | Tid og kvalitet |
| Tid | Kvalitet og kostnad |
| Kvalitet | Kostnad og tid |
| Tid og kvalitet | Kostnad |
| Kvalitet og kostnad | Tid |
| Kostnad og tid | Kvalitet |



Risiko balanse i FBS prosjektet

Med klare styringsmål på både kostnader og tid, er det ein større risiko for at kvalitative sider i prosjektet kan bli utfordra. Dette kan igjen bidra til.

- Fare for reduserte kvalitetar og manglande funksjonalitetar som påverkar seinare driftsutgifter og kvalitet i undervisning og pedagogiske areal.

I det videre arbeidet vil en derfor ha ekstra fokus på dette.

**Økonomiske konsekvensar**:

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

forslag til pkt 3, foreslått av Ørjan Kvalheim, Kinn HøgreUavhengigKinn Fremskrittsparti
Benytte lokale kunstnere ifb med utsmykkingen av Florø Barneskole

Repr. Eliasson (UAH) ønskjer sin habilitet vurdert, då han hans firma har leigd ut konsulentar til prosjektet.
Kommunedirektøren vurderer at representanten er inhabil etter fvl. § 6
Kommunestyret erklærer samrøystes representanten inhabil etter fvl. § 6.
Repr. Eliasson fråtredde og vararepr. Horne (V) tiltredde i saka.

Repr. Nydal (KrF) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er styreleiar i iVest consult, i same firma som repr. Eliasson.
Kommunedirektøren vurderer at han er habil, då han ikkje er direkte involvert, det er allereie ei inngått kontrakt.
Kommunestyret erklærer samrøystes representanten habil.

**Røysting:**
Framlegg frå FrP v/repr. Kvalheim falt med 12 røyster (10 FrP, 1 KrF v/Nydal, 1 SP v/Midtbø).
Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

**KOST- 051/26 Vedtak:**

1. Prosjektplan ved M-1 godkjennast for vidare arbeid
2. Det skal setjast av 0,5 % av seinare estimert entreprisekostnad for kunstnarisk utsmykking i prosjektet (Likt Skram skule).

## Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

**Røysting:**
Innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedteke.

**FORM- 041/26 Vedtak:**

1. Prosjektplan ved M-1 godkjennast for vidare arbeid
2. Det skal setjast av 0,5 % av seinare estimert entreprisekostnad for kunstnarisk utsmykking i prosjektet (Likt Skram skule).

## Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 24.03.2026:

Utvalsleiar Hilmar Eliasson (UAH) melder seg inhabil etter kommunelova § 11-10, i saka med bakgrunn i at hans firma iVest Consult AS er delaktiv i prosjektering.
Oppvekst- og kulturutvalet vedtek samrøystes Hilmar Eliasson som inhabil i handsaminga av saka.
Repr. Eliasson fråtrer og repr. Seljeseth (V) tiltrer som vara.
Nestleiar Almenning Kvalheim tek over som møteleiar i saka.

Prosjektsjef Oddgeir Nygård orienterer.

**Røysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

**OPKUV- 037/26 Vedtak:**

1. Prosjektplan ved M-1 godkjennast for vidare arbeid
2. Det skal setjast av 0,5 % av seinare estimert entreprisekostnad for kunstnarisk utsmykking i prosjektet (Likt Skram skule).

# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-151, FE-190
**JournalpostID:** 26/17102
**Sakshandsamar:** Ingunn Frislid Solheim
**Dato:** 17.03.2026

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 040/26 | Formannskapet | 26.03.2026 |
| 052/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |

# Rebudsjettering av unytta investeringsløyving per 31.12.2025

**KOST- 052/26 Vedtak:**

Kinn kommunestyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar per 31.12.2025 slik det går fram av vedlagt tabell i saka, med ein samla sum på brutto løyving 106,464 millionar kroner. Av dette 26,186 millionar kroner i momskompensasjon og 80,278 millionar kroner i låneopptak.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.03.2026**

Kinn kommunestyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar per 31.12.2025 slik det går fram av vedlagt tabell i saka, med ein samla sum på brutto løyving 106,464 millionar kroner. Av dette 26,186 millionar kroner i momskompensasjon og 80,278 millionar kroner i låneopptak.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Kinn kommunestyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar per 31.12.2025 slik det går fram av vedlagt tabell i saka, med ein samla sum på brutto løyving 106,464 millionar kroner. Av dette 26,186 millionar kroner i momskompensasjon og 80,278 millionar kroner i låneopptak.

---

**Bakgrunn for saka:**
Rekneskapen for 2025 er avlagt, og det er høve til å gjere ein konkret rebudsjettering per investeringsprosjekt. Rebudsjetteringa i saka tar utgangspunkt i investeringsoversyn frå årsrekneskapen for 2025. I tråd med vegleiar for budsjettering av investeringar, rebudsjettererar Kinn kommune unytta investeringsløyving pr 31.12.2025, 106,464 millionar kroner.

**Saksopplysningar:**
I tråd med kommunal- og regionaldepartementet (KRD) sin vegleiar for budsjettering av investeringar, vert unytta investeringsløyving 2025 rebudsjettert. Vegleiaren byggjer på at investeringsbudsjettet er eittårig, dvs. årsavhengig, og at årlege løyvingar er naudsynt for å kunne pådra seg utgifter i budsjettåret. Vidare er alle investeringsmidlar frie, og må sjåast på som fellesfinansiering av investeringsporteføljen. Einaste unntak frå prinsippet om fellesfinansiering er øyremerka finansiering. Denne saka er avgrensa til å gjelde unytta løyvingar per 31.12.2025. Investeringsbudsjett 2026 gjeld såleis som vedteke i

kommunestyre i sak 135/25 16.12.2025, og revidering av investeringsløyvingar for 2026 kjem eventuelt som del av sak om revidert budsjett 2026.

I oktober 2011 ga Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) ut ein ny vegleiar for budsjettering av investeringar. Formålet er å lage en veileder for kommunesektoren om hvordan investeringer skal budsjetteres og følges opp, samt hvordan investeringsregnskapet skal avsluttes.

Veilederen skal bidra til god praksis på området, og fremme løsninger for god økonomiforvaltning i samsvar med regelverket. I samandraget i vegleiaren går det med anna fram:
*Rammene for budsjettering av investeringer, og avslutning av investeringsregnskapet, er:*

1. *Investeringsbudsjettet er ettårig, altså årsavhengig*
2. *Årsbudsjettet er bindene for underordnede organ, og årlige bevilgninger er nødvendig for å kunne pådra seg utgifter i budsjettåret*
3. *Investeringsbudsjettet må reguleres ved behov for å tilfredsstille krav til balanse og realisme*
4. *Alle midler er frie og ansees som felles finansiering av investeringsporteføljen, unntatt øremerke finansiering fra andre*
5. *Begrepet udekket/udisponert gjelder differansen mellom samlet tilgang og samlet bruk av midler i året for investeringsregnskapet, og ikke avvik på de enkelte investeringsrammene eller avvik på enkeltprosjektnivå*

For å stette vegleiaren må Kinn kommune rebudsjettere unytta løyvingar per 31.12.2025.

**Vurderingar:**
Rekneskapen for 2025 er avlagt, og det er høve til å gjere ein konkret rebudsjettering per investeringsprosjekt. Rebudsjetteringa i tabellen i saka tar utgangspunkt i investeringsoversyn frå årsrekneskapen for 2025. Tabell er vedlagt i saka og gir oversikt over rebudsjettering per prosjekt.

Samla sett blir det i denne saka rebudsjettert brutto løyvingar på til saman 106,464 millionar kroner. Av dette 26,186 millionar kroner i momskompensasjon og 80,278 millionar kroner i låneopptak.

Forklaring til kolonnene i tabellen:
Kolonne 1: Prosjektnummer i investeringsbudsjettet.
Kolonne 2: Prosjektnavn i investeringsbudsjettet.
Kolonne 3: Rekneskap 2025
Kolonne 4: Budsjett 2025
Kolonne 5: Status per 31.12.2025. I tråd med årsrekneskapen 2025.
Kolonne 6: Rebudsjettering av unytta investeringsløyving.
Kolonne 7: Kommentar

**Økonomiske konsekvensar**:
Saka tar for seg rebudsjettering av unytta investeringsløyvingar per 31.12.2025. Saka utløyser ikkje nye låneopptak utover tidlegare kommunestyrevedtak.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova)
Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)
Vegleiar frå KRD av oktober 2011: Budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

**Røysting:**
Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

**KOST- 052/26 Vedtak:**

Kinn kommunestyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar per 31.12.2025 slik det går fram av vedlagt tabell i saka, med ein samla sum på brutto løyving 106,464 millionar kroner. Av dette 26,186 millionar kroner i momskompensasjon og 80,278 millionar kroner i låneopptak.

## Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

**Røysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedlegg samrøystes vedteke.

**FORM- 040/26 Vedtak:**

Kinn kommunestyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar per 31.12.2025 slik det går fram av vedlagt tabell i saka, med ein samla sum på brutto løyving 106,464 millionar kroner. Av dette 26,186 millionar kroner i momskompensasjon og 80,278 millionar kroner i låneopptak.

**Vedlegg i saken:**
Rebudsjettering unytta investeringsløyving 31.12.2025

# Kinn kommune

**Arkiv:**
**JournalpostID:** 26/13486
**Sakshandsamar:** Linda Alice Myhre Larsen
**Dato:** 02.03.2026

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 004/26 | Gruppeleiarutvalet | 25.03.2026 |
| 053/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |

# Tal medlemmer i Kinn kommunestyre i valperioden 2027 - 2031

**KOST- 053/26 Vedtak:**
Kinn kommunestyre skal i perioden 2027-2031 ha 39 medlemmar, som i perioden 2023-2027.

**Vedtak som innstilling frå Gruppeleiarutvalet - 25.03.2026**
Kinn kommunestyre skal i perioden 2027-2031 ha 39 medlemmar, som i perioden 2023-2027.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek at talet på medlemmer i kommunestyret i Kinn kommune for valperioden 2027 – 2031 skal vere ____ medlemmer.

---

**Bakgrunn for saka:**
Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv fastsetje talet på medlemmer i kommunestyret.  Vedtak om dette må gjerast innan utgangen av desember i nest siste år av valperioden.

Ordførar og varaordførar har bedt om at saka kjem til handsaming våren 2026.

**Saksopplysningar:**
Kommunelova § 5-5 regulerer talet på medlemmer i kommunestyret.  Lova fastset minimumstal basert på kommunen sitt folketal.

For kommunar med mellom 10 000 og 19 999 innbyggjarar skal kommunestyret ha minst 27 medlemmer.  Folketalet i Kinn pr. 31.12.2025 er 17 365 innbyggjarar.

Kinn kommunestyre har i dag eit kommunestyre med 39 medlemmer.

Kommunestyret kan sjølv vedta eit høgare tal medlemmer enn minimumskravet.  Det er difor behov for å ta stilling til om kommunen skal vidareføre dagens storleik på kommunestyret eller gjere endringar før kommunestyrevalet i 2027.

Kinn kommune vart etablert ved samanslåing av Flora og Vågsøy kommunar frå

1. januar 2020. I samband med etableringa av den nye kommunen vart det vedteke at kommunestyret skulle ha 39 medlemmer.
Dette har vore gjeldande for valperiodane 2019-2023 og 2023-2027.

Ei eventuell endring i talet på representantar vil kunne påverke:

- breidda i den politiske representasjonen
- forholdstalet mellom parti og lister
- organiseringa av politiske utval
- kostnader knytt til politisk verksemd

**Vurderingar:**
Storleiken på kommunestyret har betydning både for representasjon og for korleis det politiske arbeidet vert organisert.

### 39 representantar
Eit kommunestyre med 39 representantar kan bidra til breiare politisk representasjon og gi større rom for mindre parti og lokale lister. Det kan og bidra til god geografisk representasjon i ein kommune med fleire lokalsamfunn. Samstundes inneber eit større kommunestyre noko høgare kostnadar knytt til politisk verksemd.

### Redusert tal representantar
Ei reduksjon frå 39 ned til 27 representantar, som er eit minimum etter kommunelova, kan bidra til lågare kostnadar og meir effektive møte og prosessar. Samstundes kan færre representantar føre til smalare politisk representasjon og mindre breidde i deltakinga frå ulike lokalsamfunn.

Kommunestyret står fritt til å velje tal medlemmer, men kravet er at talet må vere eit oddetal.

### Samanlikning med andre kommunar
Mange kommunar vel å ha fleire representantar enn minimumskravet. Dette kan vere grunngitt i ønskje om breiare politisk representasjon, større deltaking i politisk arbeid og betre geografisk representasjon.

For kommunar på storleik med Kinn kommune er det vanleg at kommunestyret har mellom 27 og 45 medlemmer. Fleire kommunar har valt å legge seg noko over minimumskravet, medan andre har redusert til minimumsnivået.

Utviklinga i Norge dei siste tiåra viser også ein generell trend der fleire kommunar har redusert talet på kommunestyremedlemmer. Samstundes varierer storleiken framleis mellom kommunar, og valet av medlemstal vert i stor grad vurdert ut frå lokale forhold og behov for politisk representasjon.

Samanlikna med mange kommunar på same storleik ligg Kinn kommune, med 39 medlemmer, noko over minimumskravet i kommunelova, men innanfor det som er vanleg i fleire norske kommunar.

Kommunedirektøren vurderer at dagens storleik på kommunestyret gir god politisk og geografisk representasjon i kommunen. Ein reduksjon av tal medlemmer vil gje lågare utgifter knytt til politisk verksemd, mellom anna når det gjeld møtegodtgjersle og andre godtgjersler til folkevalde.

Samstundes ligg det innanfor kommunestyret sitt handlingsrom å redusere talet på medlemmer dersom ein for eksempel ønskjer ei meir kompakt politisk organisering.

**Økonomiske konsekvensar**:
Ein reduksjon på tal medlemmer i kommunestyret vil kunne gi ei årleg innsparing knytt

til politisk møtegodtgjersle, reiseutgifter, servering, tapt arbeidsforteneste og arbeidsgjevaravgift på om lag kr 57 000,- pr medlem.

Om kommunestyret vel å ta ned tal medlemmer i neste valperiode er det naturleg at tal utval og tal medlemer i utval og vert vurdert.

Tabellen nedanfor viser kva om lag innsparing ein kan få ved ein reduksjon på mellom 2 og 12 representantar i kommunestyret.

| Tal representant | Innsparing |
|---|---|
| 12 | 681 000 |
| 10 | 570 000 |
| 8 | 456 000 |
| 6 | 342 000 |
| 4 | 228 000 |
| 2 | 114 000 |

Tala er basert på ei gjennomsnittberekning av innsendte krav og utgifter.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
Kommunelova

---

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

**Røysting:**
Innstilling frå gruppeleiarutvalet samrøystes vedteke.

**KOST- 053/26 Vedtak:**
Kinn kommunestyre skal i perioden 2027-2031 ha 39 medlemmar, som i perioden 2023-2027.

## Behandling i Gruppeleiarutvalet 25.03.2026:

Alternativt framlegg, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Kinn kommunestyre skal i perioden 2027-2031 ha 39 medlemmar, som i perioden 2023-2027.

**Røysting:**
Framlegg frå Venstre v/repr. Nødseth samrøystes vedtatt.

**GRLU- 004/26 Vedtak:**
Kinn kommunestyre skal i perioden 2027-2031 ha 39 medlemmar, som i perioden 2023-2027.

**Vedlegg i saken:**
Innsparingstiltak Politisk 2026 - Vedlegg til sak om tal medl. i k-styret 2027-2031 - pr 10.03.2026

# Kinn kommune

**Arkiv:**
**JournalpostID:** 26/19705
**Sakshandsamar:** Øyvind Bang-Olsen
**Dato:** 30.03.2026

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 054/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |

# Eigarskapsmelding Kinn kommune - oppdatert april 2026

**KOST- 054/26 Vedtak:**
Ved oppnemning av styremedlemmer til kommunale føretak (KF) skal ein, så langt det er mogleg, leggje vekt på å hente inn ekstern kompetanse med relevant fagleg bakgrunn og erfaring frå område som økonomi, jus, leiing, organisasjonsutvikling eller andre fagfelt som er sentrale for føretaket si verksemd. Dette styrkjer kvaliteten på styrearbeidet, gjev meir uavhengige vurderingar og reduserer risikoen for rolleblanding mellom kommunen si eigarrolle og føretaket si drift. Av same grunn skal faste medlemmer i kommunestyret som hovudregel ikkje veljast til styre i KF, og faste medlemmer i formannskapet skal ikkje veljast til slike styre. Klåre roller og rett kompetanse i styra bidreg til god eigarstyring, betre beslutningsgrunnlag og større tillit til forvaltninga av kommunen sine verdiar.

Administrasjonen kvalitetssikrer oversikten og eigarpostane i ulike selskap før saka handsamast i kommunestyret. Oversikten skal og innkludere alle IKS og oppgåvefelleskap.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Eigarskapsmelding vert godkjend slik den ligg føre.

---

**Bakgrunn for saka:**
Kommunestyret handsama eigarskapsstrategi i sak 035/19. Saka blir no lagt som ei melding.

Kommunelova seier noko om omfanget av eigarskapsmeldinga (§26)

*Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv. Eierskapsmeldingen skal inneholde*
*a. kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring*
*b. en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i*
*c. kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.*

**Saksopplysningar:**
Kinn kommune har eigardelar i 24 aksjeselskap, 8 interkommunale selskap og 4

kommunale føretak.

Kommunen har ulike formål og mål for å opprette eit selskap eller gå inn i ei etablert selskapsordning. Dette har også følger for korleis eigarstyringa skal innrettast. Det er hensiktsmessig å kategorisere formålet med eigarskapen i enkelte hovudkategoriar.

**Eigarskapsoversikt for Kinn kommune**
**Sist oppdatert: 18.02.2026**

| Nr. | Selskap | Selskaps-form | Invester-ing | Eigar-del | Verksemd | Klassifisering |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Sogn og Fjordane Energi AS | Aksjeselskap | - | 4,64 % | Kraftproduksjon | *Finansielle investeringar* |
| 2 | Sogn og Fjordane Holding AS | Aksjeselskap | 3 834 904 | 6,60 % | Holdingselskap | *Finansielle investeringar* |
| 3 | Firda Billag AS | Aksjeselskap | 1 447 000 | 14,47 % | Transport | *Finansielle investeringar* |
| 4 | Firdavegen 1 AS | Aksjeselskap | 364 000 | 6,25 % | Eigedom | *Andre investeringar* |
| 5 | Kystvegen Måløy - Florø AS | Aksjeselskap | 480 000 | 36,00 % | Samferdsle | *Strategiske og politiske investeringar* |
| 6 | Kystvegen Ålesund - Bergen | Medlemsorganisasjon | - | - | Samferdsle | *Strategiske og politiske investeringar* |
| 7 | Aksello AS | Aksjeselskap | 200 000 | 11,43 % | Næringsutvikling | *Næringspolitikk* |
| 8 | Grovastøylen AS | Aksjeselskap | 200 000 | 16,70 % | Idrettsanlegg | *Andre investeringar* |
| 9 | Origod Fram AS | Aksjeselskap | 352 098 | 31,02 % | Arbeids- og inkluderingsverksemd | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 10 | Sunnlab AS [1] | Aksjeselskap | 167 000 | 7,20 % | Teknisk prøving og analyse | *Andre investeringar* |
| 11 | Florø Parkering AS | Aksjeselskap | 100 000 | 100,00 % | Parkering | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 12 | Visit Fjordkysten og Sunnfjord AS | Aksjeselskap | 492 000 | 35,14 % | Reiseliv | *Næringspolitikk* |
| 13 | Midtvegen 615 AS | Aksjeselskap | 40 000 | 22,22 % | Samferdsle | *Strategiske og politiske investeringar* |
| 14 | Måløy Vekst AS | Aksjeselskap | 5 000 | 0,45 % | Næringsutvikling | *Næringspolitikk* |
| 15 | Vågsøy Parkering AS | Aksjeselskap | 100 000 | 100,00 % | Parkering | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 16 | Nordfjordbadet AS | Aksjeselskap | 994 000 | 52,00 % | Idrettsanlegg. Inv. | *Samfunnsøkonomiske investeringar* |
| 17 | Storhallen i Vest | Aksjeselskap | 1 000 000 | 67,00 % | Idrettsanlegg. Inv. | *Samfunnsøkonomiske investeringar* |
| 18 | ASVO Måløy AS | Aksjeselskap | 1 000 000 | 52,00 % | Arbeids- og inkluderingsverksemd | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 19 | Muritunet AS | Aksjeselskap | 5 000 | 0,03 % | Rehabilitering og opptrening | *Andre investeringar* |
| 20 | Hareid Fastlandssamband AS | Aksjeselskap | 1 000 | 0,01 % | Samferdsle | *Strategiske og politiske investeringar* |
| 21 | Fjord Norge AS | Aksjeselskap | 10 000 | 0,24 % | Turistkontor og destinasjonselskap | *Næringspolitikk* |
| 22 | Visit Nordfjord AS | Aksjeselskap | 10 000 | 0,58 % | Turistkontor og destinasjonselskap | *Næringspolitikk* |
| 23 | Rovdefjordsambandet AS | Aksjeselskap | 75 000 | 1,53 % | Samferdsle | *Strategiske og politiske investeringar* |
| 24 | Måløy Vekst Fiber AS | Aksjeselskap | 2 000 | 2,00 % | Kabelbasert telekommunikasjon | *Næringspolitikk* |
| 25 | Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS | Aksjeselskap | 100 000 | 3,27 % | Vitensenter | *Samfunnsøkonomiske investeringar* |
| 26 | Nordfjord Miljøverk IKS (NOMIL) | IKS | *) | 41,04 % | Interkommunalt renovasjonsselskap | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 27 | Nordfjord Havn IKS | IKS | | 48,00 % | Interkommunalt hamneselskap | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 28 | Alarmsentralen IKS | IKS | | 10,95 % | Alarmmottak - Brann/velferdsteknologi | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 29 | Krisesenteret i Sogn og Fjordane | IKS | | 15,40 % | Interkommunalt krisesentertilbod | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 30 | Vestland Revision [2] | IKS | | - | Revisor for kommunane | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 31 | Vest Kontroll | IKS | | 11,11 % | Sekretariat kontrollutvalet | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 32 | IUA Sogn og Sunnfjord | IKS | | 16,77 % | Interkommunalt samarbeid | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 33 | IUA Nordfjord | IKS | | 17,21 % | Interkommunalt samarbeid | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 34 | Havhesten Kinn kommune KF | KF | | 100,00 % | Kommunalt badeanlegg | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 35 | Florø Hamn KF | KF | | 100,00 % | Drift av hamne- og kaianlegg | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 36 | Kinn utdannings- og ressurssenter KF | KF | | 100,00 % | Innvandring- og flyktningearbeid | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |
| 37 | Bordgleder Kinn kommune KF | KF | | 100,00 % | Kommunalt kjøkken | *Effektivisering av tenesteproduksjonen* |

[1] Vedteke solgt
[2] Fordelingsnøkkel etter medgått tid og folketal

## Finansielle investeringar
Eigarskapen i desse selskapa har som mål å oppnå marknadsmessig avkastning på eigenkapitalen. Dette gjeld selskap som i hovudsak er forretningsmessig orientert og ikkje utfører kommunale oppgåver.

## Strategiske og politiske investeringar
Innanfor kategorien «Strategiske og politiske investeringar» definerer vi dei selskapa som kommunen er engasjert i av politiske årsaker, og der selskapet sitt formål vanskeleg kan gjennomførast utan politiske prioriteringar og engasjement.

## Samfunnsøkonomiske investeringar
Selskap blir rekna som gjennomføringsorgan for samfunnsmessige oppgåver og der kommunen som eigar ikkje stiller krav til avkastning. Selskap innan denne kategorien må også rekne med at det vert stilt krav frå eigar, samt forventningar om ei effektiv drift med god utnytting av selskapet sine ressursar.

## Effektivisering av tenesteproduksjonen
Kategorien «Effektivisering av tenesteproduksjonen» gjeld investeringar der omorganisering til selskap i samarbeid med andre kommunar vil gi meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning.

## Næringspolitikk
Kategorien «Næringspolitikk» gjeld selskap som er etablert med formål å utvikle og sikre arbeidsplassar i regionen.

## Andre investeringar
Investeringar som ikkje kan klassifiserast i dei andre gruppene vert klassifisert som

andre investeringar.

**Vurderingar:**
Frå kommunedirektøren si side er det ikkje lagt opp til sal eller realisering av kommunen sine aksjar. Saka er utforma og lagt fram slik at styremedlemmer eller daglege leiarar kan fylgje saka og vere habile. Meldinga er overordna, gjeld ikkje spesifikke selskap og er prinsipiell.

Nokre kommunar har opprette eigarutval som førebur og handsamar eigarspørsmål. Kommunedirktøren har ikkje utarbeidd føringar for eit slikt utval. Formannskapet kan ha denne rolla.

Kommunedirektøren ser at rapportering og tilrettelegging for selskapsinformasjon kunne vore noko betre gjennom dei siste åra. Eigarskapsmeldinga legg opp til å fylgje opp kommunelova sine føringar. Årsrapportar og referat frå generalforsamlingar bør likevel bli tilgjengeleggjort for formannskapet gjennom refererte skriv og meldingar.

Det er ikkje lagt opp til sal av kommunen sine delar. Kommunestyret kan legge opp til vurdering av KF-modellen i samband med gjennomgang og rullering av politisk organisering og delegering i forkant av ny kommunestyreperiode.

Kommunestyret har bede om ekstern vurdering av Kurs KF. I dette ligg også organisering av kommunen sitt arbeid med flyktningar og integrering. Rapporten om Kurs KF vert lagt fram for kommunestyret i løpet av året.

Formannskapet er også kjent med at ein vurderer sal og samarbeid mellom kommunane knytt til Bordgleder KF sine tenester. Kommunestyret har vurdert eigarskapen i SFE i 2024. Det var også førebudd fusjon mellom Eviny og SEF, men fusjonsplanane vart trekt.

I 2023 oppretta kommunen selskap for å jobbe fram høvesvis Storhallen i Vest og Nordfjordbadet.

I samband med utarbeiding av saka har ikkje kommunedirektøren innhenta, oppdatert og vurdert særskilte selskapsdokument frå selskapa. Døme på slike dokument er aksjonæravtalar, etiske retningslinjer, eigarstrategiar, vedtekter og liknande. Selskapa kan tilskrivast for å oppdatere og stille det til for rådvelde for politisk handsaming. Eigarmeldinga kan oppdaterast med denne informasjon før endeleg vedtak.

Styrerepresentantane som representerer kommunen er ikkje bedne om rapportering før utarbeiding av saka.

Saksframstillinga er prinsipiell og overordna. Dette gjer at representantar kan delta i handsaminga. Tiltak rettar seg ikkje mot spesifikke selskap der kommunestyrerepresentantar har verv eller deltek i dagleg leiing.

## Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Nytt avsnitt i kapittel 6.1.2, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik , Kinn Fremskrittsparti

Ved oppnemning av styremedlemmer til kommunale føretak (KF) skal ein, så langt det er mogleg, leggje vekt på å hente inn ekstern kompetanse med relevant fagleg bakgrunn og erfaring frå område som økonomi, jus, leiing, organisasjonsutvikling eller andre fagfelt som er sentrale for føretaket si verksemd. Dette styrkjer kvaliteten på styrearbeidet, gjev meir uavhengige vurderingar og reduserer risikoen for rolleblanding mellom kommunen si eigarrolle og føretaket si drift. Av same grunn skal faste medlemmer i kommunestyret som hovudregel ikkje veljast til styre

i KF, og faste medlemmer i formannskapet skal ikkje veljast til slike styre. Klåre roller og rett kompetanse i styra bidreg til god eigarstyring, betre beslutningsgrunnlag og større tillit til forvaltninga av kommunen sine verdiar.

Framlegg om opprydding, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik , Kinn Fremskrittsparti
Administrasjonen kvalitetssikrer oversikten og eigarpostane i ulike selskap før saka handsamast i kommunestyret. Oversikten skal og innkludere alle IKS og oppgåvefelleskap

**Røysting:**
Framlegg om nytt avsnitt i kapittel 6.1.2 frå FrP v/repr. Djuvik vedtatt mot 1 røyst frå Venstre v/Iversen.

Framlegg om opprydding frå FrP v/repr. Djuvik samrøystes vedtatt.

**FORM- 024/26 Vedtak:**
Ved oppnemning av styremedlemmer til kommunale føretak (KF) skal ein, så langt det er mogleg, leggje vekt på å hente inn ekstern kompetanse med relevant fagleg bakgrunn og erfaring frå område som økonomi, jus, leiing, organisasjonsutvikling eller andre fagfelt som er sentrale for føretaket si verksemd. Dette styrkjer kvaliteten på styrearbeidet, gjev meir uavhengige vurderingar og reduserer risikoen for rolleblanding mellom kommunen si eigarrolle og føretaket si drift. Av same grunn skal faste medlemmer i kommunestyret som hovudregel ikkje veljast til styre i KF, og faste medlemmer i formannskapet skal ikkje veljast til slike styre. Klåre roller og rett kompetanse i styra bidreg til god eigarstyring, betre beslutningsgrunnlag og større tillit til forvaltninga av kommunen sine verdiar.

Administrasjonen kvalitetssikrer oversikten og eigarpostane i ulike selskap før saka handsamast i kommunestyret. Oversikten skal og innkludere alle IKS og oppgåvefelleskap.

---

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

Innstilling Formannskapet - 24.02.2026, foreslått av ,
Ved oppnemning av styremedlemmer til kommunale føretak (KF) skal ein, så langt det er mogleg, leggje vekt på å hente inn ekstern kompetanse med relevant fagleg bakgrunn og erfaring frå område som økonomi, jus, leiing, organisasjonsutvikling eller andre fagfelt som er sentrale for føretaket si verksemd. Dette styrkjer kvaliteten på styrearbeidet, gjev meir uavhengige vurderingar og reduserer risikoen for rolleblanding mellom kommunen si eigarrolle og føretaket si drift. Av same grunn skal faste medlemmer i kommunestyret som hovudregel ikkje veljast til styre i KF, og faste medlemmer i formannskapet skal ikkje veljast til slike styre. Klåre roller og rett kompetanse i styra bidreg til god eigarstyring, betre beslutningsgrunnlag og større tillit til forvaltninga av kommunen sine verdiar.

Administrasjonen kvalitetssikrer oversikten og eigarpostane i ulike selskap før saka handsamast i kommunestyret. Oversikten skal og innkludere alle IKS og oppgåvefelleskap.

Nytt forslag til vedtak frå KrF, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti
Ved oppnemning av styremedlemmer til kommunale føretak (KF) skal ein, så langt det er mogleg, leggje vekt på å hente inn ekstern kompetanse med relevant fagleg bakgrunn og erfaring frå område som økonomi, jus, leiing, organisasjonsutvikling eller andre fagfelt

som er sentrale for føretaket si verksemd. Dette styrkjer kvaliteten på styrearbeidet, gjev meir uavhengige vurderingar og reduserer risikoen for rolleblanding mellom kommunen si eigarrolle og føretaket si drift. Klåre roller og rett kompetanse i styra bidreg til god eigarstyring, betre beslutningsgrunnlag og større tillit til forvaltninga av kommunen sine verdiar.

Administrasjonen kvalitetssikrer oversikten og eigarpostane i ulike selskap før saka handsamast i kommunestyret. Oversikten skal og innkludere alle IKS og oppgåvefelleskap .

**Røysting:**
Framlegg frå KrF v/repr. Nydal vart sett opp mot innstilling frå formannskapet og falt med tre røyster (2 KrF og 1 UAH v/Eliasson).

**KOST- 054/26 Vedtak:**
Ved oppnemning av styremedlemmer til kommunale føretak (KF) skal ein, så langt det er mogleg, leggje vekt på å hente inn ekstern kompetanse med relevant fagleg bakgrunn og erfaring frå område som økonomi, jus, leiing, organisasjonsutvikling eller andre fagfelt som er sentrale for føretaket si verksemd. Dette styrkjer kvaliteten på styrearbeidet, gjev meir uavhengige vurderingar og reduserer risikoen for rolleblanding mellom kommunen si eigarrolle og føretaket si drift. Av same grunn skal faste medlemmer i kommunestyret som hovudregel ikkje veljast til styre i KF, og faste medlemmer i formannskapet skal ikkje veljast til slike styre. Klåre roller og rett kompetanse i styra bidreg til god eigarstyring, betre beslutningsgrunnlag og større tillit til forvaltninga av kommunen sine verdiar.

Administrasjonen kvalitetssikrer oversikten og eigarpostane i ulike selskap før saka handsamast i kommunestyret. Oversikten skal og innkludere alle IKS og oppgåvefelleskap.

**Vedlegg i saken:**
Eigarskapsmelding for Kinn kommune - oppdatert 04/2026
Vedlegg - selskapsoversikt oppdatert 04/2026

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | PlanNamn-Naustholmen Nord, gnbr. 27/86, Kai og hamneformål, PlanType-35, FA-L12, GBN-27/86 |
| **JournalpostID:** | 26/11228 |
| **Sakshandsamar:** | Janicke Svendal |
| **Dato:** | 03.03.2026 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 022/26 | Plan- og miljøutvalet | 24.03.2026 |
| 055/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |

# Sluttbehandling - Privat detaljregulering for Naustholmen Nord, gnbr. 27/86, Kai og hamneformål. PlanID 20250002

**KOST- 055/26 Vedtak:**

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Naustholmen Nord, gnbr. 27/86, Kai og hamneformål. PlanID 20250002, med planomtale og plankart sist datert 06.11.2025, føresegner sist datert 03.02.2026, samt ROS-analyse, konsekvensutgreiing og relevante notat og underlagsdokument.

2. Detaljreguleringsplanen grensar til og er tilpassa Privat detaljregulering for Naustholmen, gbnr. 27/86, Industri/næring, PlanID 140120160103.

3. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde

**Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 24.03.2026**

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Naustholmen Nord, gnbr. 27/86, Kai og hamneformål. PlanID 20250002, med planomtale og plankart sist datert 06.11.2025, føresegner sist datert 03.02.2026, samt ROS-analyse, konsekvensutgreiing og relevante notat og underlagsdokument.

2. Detaljreguleringsplanen grensar til og er tilpassa Privat detaljregulering for Naustholmen, gbnr. 27/86, Industri/næring, PlanID 140120160103.

3. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at

eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Naustholmen Nord, gnbr. 27/86, Kai og hamneformål. PlanID 20250002, med planomtale og plankart sist datert 06.11.2025, føresegner sist datert 03.02.2026, samt ROS-analyse, konsekvensutgreiing og relevante notat og underlagsdokument.
2. 
3. Detaljreguleringsplanen grensar til og er tilpassa Privat detaljregulering for Naustholmen, gbnr. 27/86, Industri/næring, PlanID 140120160103.

3. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde

---

**KVA SAKA GJELD**
Privat detaljreguleringsplan Naustholmen Nord, gbnr. 27/86, kai og Hamneformål, planID 20250002, er utarbeidd med formål å sikre tilrettelegging for ferdsel i sjø og hamneaktivitet nord for Naustholmen. Planområdet grensar til Privat detaljregulering for Naustholmen, gbnr. 27/86, Industri/næring, av 18.12.2018, PlanID 1401 20160103.



*Figur 1: Lokalisering aktuelt planområde*
Planforslaget er ikkje i samsvar gjeldande arealdel til kommuneplanen av 2017, medan siste framlegg til ny kommuneplan, (frå 2. gongs offentleg ettersyn), vil kunne samsvare med reguleringsforslaget.

Planarbeidet utløyser krav om Konsekvensutgreiing etter forskrifta §§ 8 og 10, vedlegg II, pkt. 13 ut frå storleik på skip som skal kunne segle og anløpe planlagd hamn. Det er vurdert at fagtema Vassmiljø og Marint naturmangfald kan få vesentlege verknader av planlagde tiltak, og såleis er desse konsekvensutgreidde.

Vurdering av verdi og påverknad og fastsetting av konsekvensgrad for dei ulike delområda som går fram av konsekvensutgreiinga er vist i tabell nedanfor. For nærare omtale, sjå vedlagt saksframlegg til handsaming før offentleg ettersyn; . «Plansak for offentleg høyring…», samt vedlagt konsekvensutgreiing.

| Fagtema | Delområde | Verdi | Påverknad | Konsekvensgrad |
|---|---|---|---|---|
| Vass-miljø | **Delområde A:** Botnafjorden | Stor | Noko forringa | Noko konsekvensgrad (1-) |
| Marint naturmangfald | Delområde B: Større tareskogførekomst - sukkertareskog | Svært stor | Noko forringa | Middels konsekvensgrad (2-) |
| | **Delområde C:** Svampsamfunn | Stor | Noko forringa | Noko konsekvensgrad (1-) |
| | **Delområde D:** Gytefelt for kysttorsk | Stor | Noko forringa ned mot ubetydeleg endring. | Noko konsekvensgrad (1-) |

*Figur 2:Frå Konsekvensutgreiing Naustholmen nord, utarbeidd av Norconsult AS.*

Det er tilrådd avbøtande tiltak for å dempe konsekvensgrad av planlagde tiltak. Basert på innspel frå offentleg høyring, tilrår kommunedirektøren nokre endringar og presiseringar i føresegnene til detaljplanen. Kommunedirektøren tilrår at detaljplanen vert godkjent med sist reviderte føresegner.

## INNLEIING

### Planforslaget

Privat detaljreguleringsplan Naustholmen Nord, gbnr. 27/86, kai og Hamneformål, planID 20250002 er motteke frå Norconsult Norge AS på vegne av Fjord Base AS.

Planforslaget som skal handsamast er lagt ved som prenta vedlegg og består av:

1. Plankart i målestokk 1:1000 (A1), sist datert 06.11.2025
2. Reguleringsføresegner sist datert 03.02.2026.
3. Planomtale, datert 07.11.2025, sist revidert 26.11.2025
4. ROS-analyse, datert 10.11.2025
5. Konsekvensutgreiing – Vassmiljø og naturmangfald, datert 10.11.2025,
6. Stormflo og bølgjepåverknad - Notat datert 10.11.2025
7. Kystverkets vurdering, brev datert 02.10.2025
8. Vurdering av forhold til farlei og skipstrafikk – Notat datert 10.11.2025
9. 20250002_Datarapport_Kartlegging av marint naturmangfald Årebrotsfjorden Botnafjorden.

Bakgrunn for saka og beskriving av tiltaket går fram av vedlagt saksframlegg til handsaming før offentleg ettersyn; . «Plansak for offentleg høyring…».

### Formålet med reguleringa

Føremålet med reguleringsplanen er å sikre tilrettelegging for ferdsel i sjø og hamneaktivitet nord for Naustholmen. Planframlegget er tenkt å sikre naudsynt fleksibilitet til å kunne utføre logistikkprosjekt knytt til havvind, samt auke kapasitet for blant anna undervassprosjekt.

### Forhold til overordna arealplanar og gjeldande reguleringsplanar

Planforslaget er ikkje i samsvar gjeldande arealdel til kommuneplanen av 2017, der området er vist som «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone», samt at del av området er omfatta av omsynssone for bevaring av naturmiljø (H560_1), som spesielt gjeld for gyteområde torsk.
I siste framlegg til ny kommuneplan, som var utlagt på 2. gongs offentleg ettersyn, er aktuelt reguleringsområde foreslått til «Ferdsel», som vil kunne samsvare med reguleringsforslaget.

Det er ingen gjeldande reguleringsplanar for området i dag, men planområdet grensar til og tilpassar seg gjeldande Privat detaljregulering for Naustholmen, gbnr. 27/86, Industri/næring, av 18.12.2018, PlanID 1401 20160103.




*Figur 3: Forslag til ny detaljregulering for Nautsholmen Nord, vist med blå loddrett skravur øvst i figur, saman med gjeldande detaljregulering for Naustholmen (kommunekart.com).*

Sjå elles vedlagt «Plansak for offentleg høyring…».

## Førstegongsbehandling
Planforslaget blei førstegongsbehandla av Plan- og miljøutvalet den 09.12.2025 i sak 073/25. Utvalet vedtok å fremje saka, sende den på høyring og leggje den ut til offentleg ettersyn.

## Høyringsfråsegner
Planforslaget blei lagt ut til offentleg ettersyn i perioden frå 18.12.2025 – 13.02.2026. I same periode blei forslaget sendt til fråsegn mellom anna til regionale myndigheiter og grunneigarar/naboar/organisasjonar som forslaget kunne få konsekvensar for. Det kom inn totalt 7 fråsegner – alle frå offentlege instansar. Desse følgjer saka som utrykte vedlegg. Hovudtrekka i merknadene er refererte i eit eige vedlegg til denne saka.

## Motsegner
Det er ikkje varsla motsegner til planen frå regional eller statleg fagmynde der saksområdet blir påverka. Kommunestyret kan dermed vedta reguleringsplanen.

## Lovheimlar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

**VURDERING**

## Innkomne merknader

Det er ingen vesentlege merknader til forslag til ny detaljregulering for Naustholmen nord, men det er komen råd om presiseringar/tillegg/endringar i føresegnene. Vurderinga av dei enkelte innkomne fråsegnene kjem fram av vedlegget med oppsummering av merknadane.

## Endringar etter førstegongsbehandling

Basert på innspel frå Statsforvaltaren, Fylkeskommunen og Kystverket ved offentleg høyring, er det gjort følgjande endringar/ presiseringar i reviderte føresegner, sist datert 03.02.2026 (endringar vist med raud skrift i vedlagde føresegner):

- Forslag til avbøtande tiltak i forhold havnivåstigning i ROS-analysen, er innarbeidd i føresegnene som krav til dokumentasjon ved byggesøknad. Sjå pkt. 6, kulepkt. 5, i føresegnene.
- Forslag til avbøtande tiltak i Konsekvensutgreiinga i forhold til å hindre spreiing av framande artar, er innarbeidd som krav til framlegging av driftsplan ved byggesøknad. Sjå pkt. 6, kulepkt. 4, i føresegnene.
- Forslag frå Kystverket til tiltak og presiseringar i forhold til tryggleik og framkome i farvatna er innarbeidd i reviderte føresegner. Sjå pkt. 4.1, pkt. 5.1.2 og pkt. 6 kulepkt. 3.

Innkomne merknader og forslag til endringar er førelagt plankonsulent og forslagsstillar, som i tilbakemelding viser til at dei samtykker til endringsforslaga.

**SAMLA VURDERING**

Det er ein interessemotsetnad mellom omsynet til næringsutvikling og -aktivitet og omsynet til marint naturmangfald og vassmiljø. Planlagde tiltak inneber frå noko til middels konsekvensgrad for marint naturmangfald og noko konsekvensgrad for vassmiljø, sjå konsekvensutgreiing og vedlagde «Plansak for offentleg ettersyn …».

I forhold til vassforskrifta, vil endringane av kvalitetselementa berre verte endra innanfor éin tilstandsklasse, og vert såleis ikkje vurdert som brot på vassforskrifta §§ 4-7.

Planforslaget er godt gjennomarbeidd, med krav til avbøtande tiltak som vil kunne ta omsyn til marint naturmangfald og vassmiljø på ein akseptabel måte.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår kommunedirektøren at planforslaget Privat detaljreguleringsplan Naustholmen Nord, gnbr. 27/86, kai og Hamneformål, planID 20250002, blir vedteke med dei endringar som er foreslått i sist reviderte føresegn.

## Økonomiske konsekvensar:

Ingen for Kinn kommune

## Miljømessige konsekvensar:

Går fram av saka og planframlegget.

## Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:

Plan- og bygningslova med aktuelle forskrifter

**:**

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

Repr. Nødseth (Venstre) ønskjer sin habilitet vurdert, då slekt (onkel og fetter) av han er part i saka gjennom Fjord Base.
Kommunedirektøren vurderer at han etter fvl. § 6 er habil i saka, og kommunestyret erklærer samrøystes representanten for habil.

**Røysting:**
Innstilling frå plan- og miljøutvalet vedteke mot 4 røyster frå Raudt.

**KOST- 055/26 Vedtak:**

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Naustholmen Nord, gnbr. 27/86, Kai og hamneformål. PlanID 20250002, med planomtale og plankart sist datert 06.11.2025, føresegner sist datert 03.02.2026, samt ROS-analyse, konsekvensutgreiing og relevante notat og underlagsdokument.

2. Detaljreguleringsplanen grensar til og er tilpassa Privat detaljregulering for Naustholmen, gbnr. 27/86, Industri/næring, PlanID 140120160103.

3. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde

## Behandling i Plan- og miljøutvalet 24.03.2026:

**Røysting:**
Kommuedirektøren sitt framlegg til vedtak vedteke mot ei røyst frå Raudt v/Geir Oldeide.

**PMUV- 022/26 Vedtak:**

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Naustholmen Nord, gnbr. 27/86, Kai og hamneformål. PlanID 20250002, med planomtale og plankart sist datert 06.11.2025, føresegner sist datert 03.02.2026, samt ROS-analyse, konsekvensutgreiing og relevante notat og underlagsdokument.

2. Detaljreguleringsplanen grensar til og er tilpassa Privat detaljregulering for Naustholmen, gbnr. 27/86, Industri/næring, PlanID 140120160103.

3. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde

**Vedlegg i saken:**
20250002_Naustholmen Nord_Innkomne merknadar høyring
20250002 Plankart_25.11.Alt-1_UTM32
20250002_Føresegner_Rev20260302_Raud
20250002_Planomtale_J03
20250002_ROS-analyse Naustholmen nord

20250002_KU Vassmiljø og marint naturmangfald
20250002_Stormflo- og bølgeanalyse
20250002_Kystverkets vurdering av utkast til plankart for detaljregulering av sjøareal nord for Naustholmen
20250002_Vurdering av forhold til farled og skipstrafikk
20250002_Datarapport_Kartlegging av marint naturmangfold_Årebrotsfjorden_Botnafjorden
Plansak for offentlig ettersyn - Privat detaljregulering for Naustholmen Nord, gnbr. 27/86, Kai og hamneformål. PlanID 20250002
2026-03-24_22_NaustholmenN_Vedtak - presentasjon

# Kinn kommune

**Arkiv:** FA-U63
**JournalpostID:** 26/15515
**Sakshandsamar:** Bodil Gjerde
**Dato:** 11.03.2026

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 018/26 | Helse-, sosial- og omsorgsutvalet | 24.03.2026 |
| 056/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |

# Skjenkeløyve - Chico Brand As 2024-2028

**KOST- 056/26 Vedtak:**

Chico Brand AS, org 937 163 495, ved dagleg leiar Ingvill Øygard, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, strandgata 28, 6905 Florø.
Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.
Godkjent styrar: Ingvill Øygard, f. 14.03.1981
Godkjent stadavløysar: Iman Ebrahimi f. 25.08.1983
Godkjent lokale: Chico Brand AS, Strandgata 28, 6905 Florø
Type verksemd: Restaurant og bardrift.
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2og3, drikk med inntil 60% alkohol
Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jfr Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner for perioden 2024 – 2028.
**Godkjende opnings- og skjenketider:**

- Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 er frå kl 08.00 til kl 02.00.
- Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 3 er frå kl 13.00 til kl 02.00.

**Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 24.03.2026**
**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Chico Brand AS, org 937 163 495, ved dagleg leiar Ingvill Øygard, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, strandgata 28, 6905 Florø.
Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.
Godkjent styrar: Ingvill Øygard, f. 14.03.1981
Godkjent stadavløysar: Iman Ebrahimi f. 25.08.1983
Godkjent lokale: Chico Brand AS, Strandgata 28, 6905 Florø
Type verksemd: Restaurant og bardrift.
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2og3, drikk med inntil 60% alkohol
Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jfr Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner for perioden 2024 – 2028.
**Godkjende opnings- og skjenketider:**

- Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 er frå kl 08.00 til kl 02.00.
- Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 3 er frå kl 13.00 til kl 02.00.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Chico Brand AS, org 937 163 495, ved dagleg leiar Ingvill Øygard, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det,

strandgata 28, 6905 Florø.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar: Ingvill Øygard, f. 14.03.1981
Godkjent stadavløysar: Iman Ebrahimi f. 25.08.1983
Godkjent lokale: Chico Brand AS, Strandgata 28, 6905 Florø
Type verksemd: Restaurant og bardrift.
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2og3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jfr Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner for perioden 2024 – 2028.

**Godkjende opnings- og skjenketider:**

- Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 er frå kl 08.00 til kl 02.00.
- Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 3 er frå kl 13.00 til kl 02.00.

---

**Bakgrunn for saka:**
Kinn kommune har motteke søknad om skjenkeløyve frå Chico Brand AS i samband med etablering av restaurant i Florø.
Det har tidlegare vore drive restaurant- og kaféverksemd i lokalet, og lokalet er godkjent for slik verksemd.
Det er søkt om løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3.

**Saksopplysningar:**
Chico Brand AS er eit nyetablert firma i Florø og har levert all nødvendig dokumentasjon i samsvar med krava til denne typen søknader. Det har tidlegare vore drift og skjenkebevilling i lokalet, og det er difor ikkje behov for ny reguleringsplan eller ny godkjenning av lokalet. Søknaden er handsama i tråd med serveringslova og alkohollova. Det vert søkt om uteservering på eit avgrensa område, jf. vedlagde teikningar.

**Vurderingar:**
Chico Brand AS har levert nødvendig dokumentasjon i samsvar med krava som gjeld for denne typen søknader.
Det har tidlegare vore restaurantdrift med skjenkeløyve i lokalet.
Det er ikkje behov for ny reguleringsplan eller ytterlegare godkjenning av lokalet.

Søknaden er vurdert i samsvar med serveringslova og alkohollova. Kommunedirektøren tilrår at skjenkeløyve vert gjeve slik det går fram av søknaden.

**Økonomiske konsekvensar**:
Det vil i samsvar med gjeldande lovverk bli gjennomført kontroll med utføring av det gjeve løyvet. Dette vert utført av det kontrollselskap kommunen har avtale med. Vidare vil Kinn kommune kvart år krevje inn gebyr for å inneha kommunalt løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk. Dette gebyret skal dekke dei utgifter kommunen har med oppfølging og kontroll med det gjeve løyvet.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:

Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 02.06.1989, nr. 27 (alkohollova) med seinare tillegg og endringar.
Forskrift av 08.06.2005 nr. 538 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v med seinare tillegg og endringar.
Forskrift av 15.12.1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddellovgjevinga.
Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner, godkjent i kommunestyre i sak 050/24, den 04. april 2024.

---

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

**Røysting:**
Innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet samrøystes vedteke.

**KOST- 056/26 Vedtak:**

Chico Brand AS, org 937 163 495, ved dagleg leiar Ingvill Øygard, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, strandgata 28, 6905 Florø.
Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.
Godkjent styrar: Ingvill Øygard, f. 14.03.1981
Godkjent stadavløysar: Iman Ebrahimi f. 25.08.1983
Godkjent lokale: Chico Brand AS, Strandgata 28, 6905 Florø
Type verksemd: Restaurant og bardrift.
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2og3, drikk med inntil 60% alkohol
Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jfr Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner for perioden 2024 – 2028.
**Godkjende opnings- og skjenketider:**
- Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 er frå kl 08.00 til kl 02.00.
- Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 3 er frå kl 13.00 til kl 02.00.

## Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 24.03.2026:

Repr. Eikevik ønskjer sin habilitet vurdert, då ho gjekk på skule og var venninne med dagleg leiar av Chico Brand for fleire år sidan, ingen tett relasjon i dag.
Repr. Bratholmen ønskjer sin habilitet vurdert, då ho tidlegare har vore kollega med dagleg leiar av Chico Brand.
Representantane fråtredde under behandlinga.
Utvalet vedtek samrøystes begge som habile i saka.

**Røysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

**HSOUV- 018/26 Vedtak:**
**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Chico Brand AS, org 937 163 495, ved dagleg leiar Ingvill Øygard, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for det, strandgata 28, 6905 Florø.
Løyvet gjeld til og med 30.09.2028.
Godkjent styrar: Ingvill Øygard, f. 14.03.1981
Godkjent stadavløysar: Iman Ebrahimi f. 25.08.1983
Godkjent lokale: Chico Brand AS, Strandgata 28, 6905 Florø
Type verksemd: Restaurant og bardrift.

Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2og3, drikk med inntil 60% alkohol
Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jfr Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner for perioden 2024 – 2028.

**Godkjende opnings- og skjenketider:**

- Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 er frå kl 08.00 til kl 02.00.
- Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 3 er frå kl 13.00 til kl 02.00.

**Vedlegg i saken:**
Plantegning.png

# Kinn kommune

**Arkiv:** FA-X03
**JournalpostID:** 26/15175
**Sakshandsamar:** Mari Halsør
**Dato:** 12.03.2026

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 006/26 | Gruppeleiarutvalet | 25.03.2026 |
| 057/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |

# TV-aksjon 2026 - NRC Flyktninghjelpen - val av komité

**KOST- 057/26 Vedtak:**
Kinn kommune set ned følgjande kommunekomitè som har ansvaret for gjennomføring av årets TV-aksjon:

Rune Eriksen (SP)
Bengt Solheim-Olsen (H)
Gustav Johan Nydal (KRF)
Hege Chatrine Brandsøy (R)
Bjarne Holme (FRP)
Inger Kvalheim (AP)
Heidi Rønhovde (SV)

Ordførar får mandat til å føre på fleire på lista, etter område og behov.

**Vedtak som innstilling frå Gruppeleiarutvalet - 25.03.2026**
Kinn kommune set ned følgjande kommunekomitè som har ansvaret for gjennomføring av årets TV-aksjon:

Rune Eriksen (SP)
Bengt Solheim-Olsen (H)
Gustav Johan Nydal (KRF)
Hege Chatrine Brandsøy (R)
Bjarne Holme (FRP)
Inger Kvalheim (AP)
Heidi Rønhovde (SV)

Gruppeleiarane supplerer kandidatlista før kommunestyret 9. april.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Kinn kommune set ned følgjande kommunekomitè som har ansvaret for gjennomføring av årets TV-aksjon:

**Bakgrunn for saka:**

NRC Flyktninghjelpen er tildelt NRK TV-aksjonen i 2026.
Gjennom midlar frå aksjonen skal NRC Flyktninghjelpen gje menneske på flukt moglegheit til å skape seg ein heim og ei ny framtid.

Oppmoding om å opprette kommunekomitè vart motteke 10.03.2026.

**Saksopplysningar:**
Årets TV-aksjon er 18. oktober og går til NRC Flyktninghjelpen.

NRC Flyktninghjelpen skriv følgjande i si oppmoding og på sine nettsider:

«Aldri før har flere mennesker vært på flukt fra krig og konflikt, og aldri før har så mange trengt hjelp til å skaffe seg et hjem. Men det finnes håp, og det finnes løsninger. TV-aksjonen 2026 skal bidra til at over 400 000 mennesker får tryggere og bedre boforhold i Syria, Gaza, Sudan, Tsjad, Afghanistan og DR Kongo.
Tusenvis av mennesker står på for TV-aksjonen hvert år – og arbeidet starter i kommunekomiteene. Disse lokale ildsjelene sørger for at aksjonen får solid forankring og skaper engasjement i alt fra små bygder til store byer.

Kommunekomiteene er selve ryggraden i TV-aksjonen. De består av representanter fra kommunen, næringsliv, frivilligheten og andre lokale krefter som sammen mobiliserer lokalsamfunnet. Enten det handler om å arrangere konserter, skape blest i lokalavisa, koordinere bøssebærere eller få med skolene – kommunekomiteene vet hva som virker lokalt.

Når folk kjenner seg igjen i saken, og ser at naboen, læreren eller ordføreren engasjerer seg, blir det lettere å bli med. Det er dette som gjør TV-aksjonen unik: En nasjonal dugnad, drevet fram av lokalt engasjement. Hver kommune gjør en forskjell – og sammen skaper vi et landsdekkende løft for en god sak.»

**Vurderingar:**
Kinn kommune vel ein kommunekomitè som har ansvaret for gjennomføring av TV-aksjonen i Kinn kommune. Fjorårets komitè bestod av 8 politikarar fordelt med 2 frå Vågsøy-delen og 6 frå Florø-delen av kommunen.

---

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

**Røysting:**
Innstilling frå gruppeleiarutvalet samrøystes vedteke.
Kommunestyret vedtek samrøystes at ordførar får mandat til å føre på fleire på lista, etter område og behov.

**KOST- 057/26 Vedtak:**
Kinn kommune set ned følgjande kommunekomitè som har ansvaret for gjennomføring av årets TV-aksjon:

Rune Eriksen (SP)
Bengt Solheim-Olsen (H)
Gustav Johan Nydal (KRF)
Hege Chatrine Brandsøy (R)
Bjarne Holme (FRP)
Inger Kvalheim (AP)

Heidi Rønhovde (SV)

Ordførar får mandat til å føre på fleire på lista, etter område og behov.

## Behandling i Gruppeleiarutvalet 25.03.2026:

Fellesframlegg, foreslått av ,
Rune Eriksen (SP)
Bengt Solheim-Olsen (H)
Gustav Johan Nydal (KRF)
Hege Chatrine Brandsøy (R)
Bjarne Holme (FRP)
Inger Kvalheim (AP)
Heidi Rønhovde (SV)

Gruppeleiarane supplerer kandidatlista før kommunestyret 9. april

**Røysting:**
Fellesframlegg samrøystes vedtatt.

**GRLU- 006/26 Vedtak:**
Kinn kommune set ned følgjande kommunekomitè som har ansvaret for gjennomføring av årets TV-aksjon:

Rune Eriksen (SP)
Bengt Solheim-Olsen (H)
Gustav Johan Nydal (KRF)
Hege Chatrine Brandsøy (R)
Bjarne Holme (FRP)
Inger Kvalheim (AP)
Heidi Rønhovde (SV)

Gruppeleiarane supplerer kandidatlista før kommunestyret 9. april.

**Vedlegg i saken:**
Anmodningsbrev Kinn kommune

# Kinn kommune

**Arkiv:**
**JournalpostID:** 26/16534
**Sakshandsamar:** Mona Ødegård Standal
**Dato:** 16.03.2026

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 050/26 | Oppvekst- og kulturutvalet | 27.03.2026 |
| 058/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |

## Endring av kommunal forskrift om opptaksområde ved nedlegging av Krokane skule - endeleg handsaming

**KOST- 058/26 Vedtak:**

Med heimel i Opplæringslova § 2-6 rår Oppvekst og kulturutvalet Kinn kommunestyre til å vedta slik endring av kommunal forskrift om opptaksområde ved nedlegging av Krokane skule:

1. Gjeldande opptaksområde for Krokane skule opphøyrer frå og med 01.08.2028. Opptaksområdet vert delt mellom Florø barneskole og Torvmyrane skule slik det går fram av alternativ 2.

2. Torvmyrane skule sitt opptaksområde vert utvida mot vest med følgjande adresser:
   - Furuhaugane
   - Furutun
   - Botnavegen
   - Furustien
   - Havikbotn
   - Jakob Sandeveg
   - Selhaugvegen
   - Danielsvika
   - Bekkefaret
   - Olav Sindresonsveg

   Torvmyrane skule sitt opptaksområde grensar i aust ved Verpevika.

3. Florø barneskole sitt opptaksområde vert utvida i aust mot Torvmyrane skule sitt opptaksområde. Alle som nyttar båttransport som skuleskyss vil også høyre til Florø barneskole sitt opptaksområde.

**Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 27.03.2026**

Med heimel i Opplæringslova § 2-6 rår Oppvekst og kulturutvalet Kinn kommunestyre til å vedta slik endring av kommunal forskrift om opptaksområde ved nedlegging av Krokane skule:

1. Gjeldande opptaksområde for Krokane skule opphøyrer frå og med 01.08.2028.

Opptaksområdet vert delt mellom Florø barneskole og Torvmyrane skule slik det går fram av alternativ 2.

2. Torvmyrane skule sitt opptaksområde vert utvida mot vest med følgjande adresser:
- Furuhaugane
- Furutun
- Botnavegen
- Furustien
- Havikbotn
- Jakob Sandeveg
- Selhaugvegen
- Danielsvika
- Bekkefaret
- Olav Sindresonsveg

Torvmyrane skule sitt opptaksområde grensar i aust ved Verpevika.

3. Florø barneskole sitt opptaksområde vert utvida i aust mot Torvmyrane skule sitt opptaksområde. Alle som nyttar båttransport som skuleskyss vil også høyre til Florø barneskole sitt opptaksområde.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Med heimel i Opplæringslova § 2-6 rår Oppvekst og kulturutvalet Kinn kommunestyre til å vedta slik endring av kommunal forskrift om opptaksområde ved nedlegging av Krokane skule:

1. Gjeldande opptaksområde for Krokane skule opphøyrer frå og med 01.08.2028. Opptaksområdet vert delt mellom Florø barneskole og Torvmyrane skule slik det går fram av alternativ 2.

1. Torvmyrane skule sitt opptaksområde vert utvida mot vest med følgjande adresser:
- Furuhaugane
- Furutun
- Botnavegen
- Furustien
- Havikbotn
- Jakob Sandeveg
- Selhaugvegen
- Danielsvika
- Bekkefaret
- Olav Sindresonsveg

Torvmyrane skule sitt opptaksområde grensar i aust ved Verpevika.

1. Florø barneskole sitt opptaksområde vert utvida i aust mot Torvmyrane skule sitt opptaksområde. Alle som nyttar båttransport som skuleskyss vil også høyre til Florø barneskole sitt opptaksområde.

---

**Bakgrunn for saka:**
Kinn kommunestyre gjorde i sak 110/25 vedtak om at Krokane skule skal leggast ned med verknad frå 01.08.2028, under føresetnad av at nye Florø barneskole står ferdig. I vedtaket punkt 2 står det også …*sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande*

*Krokane skule, vert starta opp snarast.* Med bakgrunn i dette vedtaket la kommunedirektøren fram høyringsutkast for endring av kommunal forskrift om opptaksområde til politisk handsaming. Oppvekst og kulturutvalet sende saka ut på høyring med frist 17.03.2026.

Kommunen si sakshandsaming byggjer på Alternativ A i kapittel 4 i Rundskriv om *behandlingen av saker om skolenedleggelser og kretsgrenser*, datert 01.08.2024.

*<u>4 Saksbehandlingen i kommuner som har gitt forskrifter om skolekretsgrenser</u>*
*For kommuner som har gitt forskrifter om skolekretsgrenser må det i tillegg til vedtak om nedleggelse også skje en etterfølgende endring av forskriften om skolekretsgrensene. Områdene som sogner til skolen som nedlegges må etter nedleggelsen sogne til en eller flere andre skoler i kommunen. Dette gjør en forskriftsendring nødvendig. Forvaltningslovens kap. VII om forskrifter kommer derfor til anvendelse for endringen av forskriften om skolekretsgrenser. Det betyr at berørte institusjoner og organisasjoner må få uttale seg før forskriften vedtas, endres eller oppheves, bl.a. foreldrerådet eller samarbeidsutvalget ved de enkelte skolene i kommunen. Det kan også gjelde andre dersom det er nødvendig for å få saken allsidig opplyst. Kommunen kan velge mellom to fremgangsmåter:*

*<u>A) Nedleggelse og forskriftsendring som to separate saker:</u> Nedleggelsen og forskriftsendringen kan etter kommunens eget valg behandles som to separate saker, først et vedtak om nedleggelse, dernest en forskriftsendring som følge av nedleggelsen. Hvis denne fremgangsmåten velges, vil avgjørelsen om selve nedleggelsen måtte følge ulovfestede forvaltningsrettslige prinsipper, se pkt. 3 ovenfor. Den etterfølgende forskriftsendringen derimot vil måtte behandles etter de saksbehandlingsreglene som er angitt i forvaltningslovens kap. VII om forskrifter. Det vises også til ovennevnte retningslinjer fra JD om forskriftsarbeid i kommunene.*

**Saksopplysningar:**
Saka vart sendt på høyring til FAU og SU ved Krokane skule, FAU og SU ved Torvmyrane skule, FAU og SU ved Florø barneskole, FAU og SU ved barnehagane i Florø sentrum og Vestland fylkeskommune. I tillegg var den lagt ut som offentleg høyring på Kinn kommune si heimeside.

Høyringsfristen var 17.03.2026 og det kom inn 13 uttalar innan fristen.

**Vurderingar:**
Høyringsinnspela viser at det er stor variasjon i synspunkt, og at meiningane i stor grad er prega av kvar familiane bur og kva dei opplever som best for eigne barn. Det er difor **ikkje semje om eitt alternativ**. Alle høyringsinnspela, med kommunedirektøren si vurdering, er samla i vedlegg til saka.

**<u>Oppsummering av innspela:</u>**

**Alternativ 1:**
Får støtte frå mange av dei som har levert høyringsinnspel grunna:
-nærskuleprinsippet
-kortare avstand
-tryggare skuleveg (mindre trafikk, fleire stiar)
-tilhøyrsle til nabolag og fritidsmiljø
-betre grunnlag for sosialt fellesskap

**Alternativ 2:**
Får støtte frå nokre av dei som har levert høyringsinnspel grunna:
-meir oversiktleg og ryddig grense (følgjer rv. 5)
-gode trafikkforhold for enkelte område

-praktiske omsyn (t.d. foreldre sin arbeidssituasjon)

Nokre signaliserer inga klar støtte grunna brot i eksisterande vennegrupper og bekymring for sosialt miljø.

**Viktige tema i innspela**

**Nærskule og nabolag**

- Sterk vekt på:
  - at barn bør gå på skule i nærmiljøet
  - at nabolag ikkje bør delast

- Fleire peikar på:
  - historisk tilknyting til Torvmyrane
  - bruk av same fritidsområde og leikeplassar

**Sosialt miljø**

- Bekymring for:
  - splitting av vennegrupper
  - mindre tilhøyrsle dersom barn spreier seg på ulike skular

- Ønskje om:
  - at barn i same nabolag går på same skule

**Transport og trygg skuleveg**

- behov for å kunne gå til skulen
- utfordringar med transport dersom avstanden blir lengre
- gode stinett mot Torvmyrane
- færrast mogleg vegkryssingar

- Auka bilkøyring blir trekt fram som negativt

**Rekkefølgekravet (nedlegging av Krokane skule)**

- Uro frå fleire:
  - frykt for at elevar blir flytta før Florø barneskole er ferdig
  - oppleving av brot på tidlegare lovnader

- Det blir stilt konkrete spørsmål om:
  - tryggleik, støy og byggearbeid
  - manglande gymsal
  - risiko for fleire flyttingar

- Nokre foreslår:
  - modulskule som alternativ

**Andre innspel**

- Ønskje om:
  - søskenprioritet
  - fortrinn for barn i barnehage
  - fleksible unntaksordningar

- Uro for:
  - kapasitet og klassestorleik
  - langsiktig berekraft

**Kort konklusjon**

Høyringsinnspela viser:

- stor usemje og mange kryssande omsyn
- tydeleg vekt på nærskule, tryggleik og nabolag
- Uro knytt til gjennomføring av bygge- og flytteprosess

Kommunedirektøren si vurdering

Både alternativ 1 og alternativ 2 for nye opptaksområde er gode løysingar, men får ulike konsekvensar for nabolag, trafikk og tilhøyrsle. Fleire høyringsinnspel peikar på omsyn som nærleik til skule, trygg skuleveg, historisk tilknyting og ønskje om å bevare nabolag, medan andre løftar fram behovet for ei meir oversiktleg og balansert inndeling.

Kommunedirektøren understrekar at nærskuleprinsippet ligg fast, og at skuleplass skal tildelast ut frå folkeregistrert adresse. Gjeldande praksis for søsken og evt. søknad om annan skule blir handsama i samsvar med Kinn kommune sine retningslinjer for dette.

Det blir lagt vekt på ein langsiktig og berekraftig struktur, med om lag 30/70 fordeling av elevane. Dette er viktig for å sikre at skulebygga har god kapasitet for strukturendringane. Begge dei to alternativa sikrar naudsynt fordeling av elevane. Andre inndelingar enn dette kan gje kortsiktige utfordringar knytt til kapasitet.

Alternativa tar høgd for vedtekne reguleringsplanar med omsyn til potensiell bustadbygging. Sjå vedlagde oversiktskart for bustadkapasitet på Florelandet.

Trafikktryggleik

Når det gjeld trafikktryggleik og avstand, vurderer kommunedirektøren at begge alternativa gir tilfredsstillande og trygge skulevegar for elevane. Alle vegar som skal nyttast som skuleveg er i bruk som skuleveg i dag.

Kriteria for trygg skuleveg er: fortau, gangveg, gangfelt, gatelys og fartsgrense for biltrafikk. Vedlagt i saka er trafikkskildring og oversikt over aktuelle gangvegar for begge alternativ.

I prosjektperioden vert det gjennomført «barnetråkk» og gjennomgang av aktuelle vegstrekke, for å avdekke vegparti med behov for utbetring og betre tilrettelegging for mjuke trafikkantar.

Bygge- og flytteprosess

I vedtaket om nedlegging av Krokane skule er det presisert at skulen ikkje skal avviklast før byggearbeidet ved Florø barneskole er ferdig. Begge skulebygga må nyttast i byggeperioden, og det blir lagt stor vekt på tryggleik, gode overgangar og stabil skuledrift for elevane. Ingen elevar frå Krokane skal byte skule meir enn éin gong. Det er også viktig for elevane at ein nyttar byggetida til å skape gode relasjonar før elevane skal starte ved Florø barneskole. Tidspunktet for vedtak om skulestruktur gjev oss moglegheit for langsiktig planlegging og gode prosessar for relasjonsbygging for elevar, tilsette og foreldre.

Oppsummering

Det er kommunedirektøren si vurdering at begge alternativa for opptaksområde i varetar nærskuleprinsippet og trygg skuleveg. Riksvegen er eit forståeleg og naturleg skilje som mellom anna sikrar at barn i same nabolag får gå på same skule. Med bakgrunn i dette tilrår kommunedirektøren alternativ 2 i framlegg til vedtak.

Innspel for å få fleire barn til å sykle og gå til skulen

Oppvekst og kulturutvalet bad i høyringssaka om innspel på kva ein kan gjere for å få fleire born til å sykle og gå til skulen. Desse innspela er samla i vedlagt tabell. Kommunedirektøren kommenterer ikkje kvart av innspela, men tar med seg det

innkomne i vidare arbeid og planlegging.

Kommunedirektøren vil sørgje for å dele naudsynt informasjon med andre aktuelle aktørar som FAU, SU og Vestland fylkeskommune (Skyss).

**Økonomiske konsekvensar**:
Saka har ingen direkte økonomiske konsekvensar.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
Opplæringslova: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2023-06-0930?q=opplæringslova

---

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

**Røysting:**
Innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedteke.

**KOST- 058/26 Vedtak:**

Med heimel i Opplæringslova § 2-6 rår Oppvekst og kulturutvalet Kinn kommunestyre til å vedta slik endring av kommunal forskrift om opptaksområde ved nedlegging av Krokane skule:

1. Gjeldande opptaksområde for Krokane skule opphøyrer frå og med 01.08.2028. Opptaksområdet vert delt mellom Florø barneskole og Torvmyrane skule slik det går fram av alternativ 2.

2. Torvmyrane skule sitt opptaksområde vert utvida mot vest med følgjande adresser:
   - Furuhaugane
   - Furutun
   - Botnavegen
   - Furustien
   - Havikbotn
   - Jakob Sandeveg
   - Selhaugvegen
   - Danielsvika
   - Bekkefaret
   - Olav Sindresonsveg

   Torvmyrane skule sitt opptaksområde grensar i aust ved Verpevika.

3. Florø barneskole sitt opptaksområde vert utvida i aust mot Torvmyrane skule sitt opptaksområde. Alle som nyttar båttransport som skuleskyss vil også høyre til Florø barneskole sitt opptaksområde.

## Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 27.03.2026:

Flytting av elevar under byggeprosess, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn VenstreUavhengig
Det har vore reist spørsmål om tolking av vedtak rundt avvikling av Krokane skule. Utvalet ser at løysning med stegvis ombygging der ein prioriterer noværande Maurtua skule, vil være fleksibel og gje betre utnytting av tilgjengeleg areal, men meiner dette må politisk behandlast med vedtak. Dette gjeld og spørsmålet rundt kva for klassetrinn som eventuelt skal flyttast til den "nye Småskulen", når den er klar til bruk. Utvalet

ønskjer derfor følgande tilleggspunkt.

- Flytting av elevar frå Krokane skule før 1 august 2028 vert å komme tilbake til i eiga sak.

Endring av kommunal forskrift om opptaksområde ved nedlegging av Krokane skule, foreslått av Elisabeth Halsne, Kinn Senterparti
Gjeldande opptaksområde for Krokane skule opphøyrer frå og med 01.08.2028. Opptaksområdet vert delt mellom Florø barneskole og Torvmyrane skule slik det går fram av alternativ 1.

1. Torvmyrane skule sitt opptaksområde vert utvida mot vest med følgjande adresser:

Furuhaugane
Furutun
Botnavegen
Furustien
Havikbotn
Jakob Sandeveg
Dyreholtlia
Krokavegen
Svarthammaren
Eikedalen
Knatten
Smievegen
Krokastubben

Torvmyrane skule sitt opptaksområde grensar i aust ved Verpevika.

2. Florø barneskole sitt opptaksområde vert utvida i aust mot Torvmyrane skule sitt opptaksområde. Alle som nyttar båttransport som skuleskyss vil også høyre til Florø barneskole sitt opptaksområde.

**Røysting:**
Tilleggsframlegg frå UAH v/repr. Eliasson falt med 3 røyster (1 UAH v/Eliasson, 1 Raudt v/Knutsen, 1 KrF v/Vig).
Tilleggsframlegg frå SP v/repr. Halsne falt med 4 røyster (1 SP v/Halsne, 1 UAH v/Eliasson, 1 Raudt v/Knutsen, 1 KrF v/Vig).

**OPKUV- 050/26 Vedtak:**

Med heimel i Opplæringslova § 2-6 rår Oppvekst og kulturutvalet Kinn kommunestyre til å vedta slik endring av kommunal forskrift om opptaksområde ved nedlegging av Krokane skule:

1. Gjeldande opptaksområde for Krokane skule opphøyrer frå og med 01.08.2028. Opptaksområdet vert delt mellom Florø barneskole og Torvmyrane skule slik det går fram av alternativ 2.

2. Torvmyrane skule sitt opptaksområde vert utvida mot vest med følgjande adresser:
   - Furuhaugane
   - Furutun
   - Botnavegen
   - Furustien
   - Havikbotn
   - Jakob Sandeveg
   - Selhaugvegen
   - Danielsvika

- Bekkefaret
- Olav Sindresonsveg

Torvmyrane skule sitt opptaksområde grensar i aust ved Verpevika.

3. Florø barneskole sitt opptaksområde vert utvida i aust mot Torvmyrane skule sitt opptaksområde. Alle som nyttar båttransport som skuleskyss vil også høyre til Florø barneskole sitt opptaksområde.

**Vedlegg i saken:**
Høyringsinnspel opptaksområde ved nedlegging av Krokane skule - med vurdering
Innspel til faktorar som kan få fleire til å gå og sykle
Trafikkvurdering alternativ 1 og 2
Bustadkapasitet Florelandet
Nytt opptaksområde alternativ 2 - flyfoto
Nytt opptaksområde alternativ 1 - flyfoto
Forslag til nye opptaksområde ved nedlegging Krokane -alternativ 1
Forslag til nye opptaksområde ved nedlegging av Krokane alternativ 2
Oppsummering av høyringsinnspel - opptaksområde ved nedlegging av Krokane skule

# Kinn kommune

**Arkiv:**
**JournalpostID:** 26/16509
**Sakshandsamar:** Mona Ødegård Standal
**Dato:** 16.03.2026

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 046/26 | Oppvekst- og kulturutvalet | 24.03.2026 |
| 059/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |

# Endring av kommunal forskrift om opptaksområde ved nedlegging av Raudeberg skule - endeleg handsaming

**KOST- 059/26 Vedtak:**
Med heimel i Opplæringslova § 2-6 rår Oppvekst og kulturutvalet Kinn kommunestyre til å vedta slik endring av kommunal forskrift om opptaksområde ved nedlegging av Raudeberg skule.

1. Raudeberg skule sitt opptaksområdet opphøyrer frå og med 01.08.2027.
2. Skram skole sitt opptaksområde vert frå 01.08.2027 utvida til gjelde heile Vågsøya, Silda og øyane i sør.

**Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 24.03.2026**
Med heimel i Opplæringslova § 2-6 rår Oppvekst og kulturutvalet Kinn kommunestyre til å vedta slik endring av kommunal forskrift om opptaksområde ved nedlegging av Raudeberg skule.

1. Raudeberg skule sitt opptaksområdet opphøyrer frå og med 01.08.2027.
2. Skram skole sitt opptaksområde vert frå 01.08.2027 utvida til gjelde heile Vågsøya, Silda og øyane i sør.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Med heimel i Opplæringslova § 2-6 rår Oppvekst og kulturutvalet Kinn kommunestyre til å vedta slik endring av kommunal forskrift om opptaksområde ved nedlegging av Raudeberg skule.

1. *Raudeberg skule sitt opptaksområdet opphøyrer frå og med 01.08.2027.*
2. *Skram skole sitt opptaksområde vert frå 01.08.2027 utvida til gjelde heile Vågsøya, Silda og øyane i sør.*

---

**Bakgrunn for saka:**
Kinn kommunestyre gjorde i sak 110/25 vedtak om at Raudeberg skule skal leggast ned med verknad frå 01.08.2027, under føresetnad av at nye Skram skule står ferdig. I vedtaket punkt 1 står det også *...sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Raudeberg skule, vert starta opp snarast.* Med bakgrunn i dette vedtaket la kommunedirektøren fram høyringsutkast for endring av kommunal forskrift om

opptaksområde til politisk handsaming. Oppvekst og kulturutvalet vedtok å sende saka ut på høyring med høyringsfrist 17.03.2026.

Kommunen si sakshandsaming byggjer på Alternativ A i kapittel 4 i Rundskriv om *behandlingen av saker om skolenedleggelser og kretsgrenser*, datert 01.08.2024.

*4 Saksbehandlingen i kommuner som har gitt forskrifter om skolekretsgrenser*
*For kommuner som har gitt forskrifter om skolekretsgrenser må det i tillegg til vedtak om nedleggelse også skje en etterfølgende endring av forskriften om skolekretsgrensene. Områdene som sogner til skolen som nedlegges må etter nedleggelsen sogne til en eller flere andre skoler i kommunen. Dette gjør en forskriftsendring nødvendig. Forvaltningslovens kap. VII om forskrifter kommer derfor til anvendelse for endringen av forskriften om skolekretsgrenser. Det betyr at berørte institusjoner og organisasjoner må få uttale seg før forskriften vedtas, endres eller oppheves, bl.a. foreldrerådet eller samarbeidsutvalget ved de enkelte skolene i kommunen. Det kan også gjelde andre dersom det er nødvendig for å få saken allsidig opplyst. Kommunen kan velge mellom to fremgangsmåter:*

*A) Nedleggelse og forskriftsendring som to separate saker: Nedleggelsen og forskriftsendringen kan etter kommunens eget valg behandles som to separate saker, først et vedtak om nedleggelse, dernest en forskriftsendring som følge av nedleggelsen. Hvis denne fremgangsmåten velges, vil avgjørelsen om selve nedleggelsen måtte følge ulovfestede forvaltningsrettslige prinsipper, se pkt. 3 ovenfor. Den etterfølgende forskriftsendringen derimot vil måtte behandles etter de saksbehandlingsreglene som er angitt i forvaltningslovens kap. VII om forskrifter. Det vises også til ovennevnte retningslinjer fra JD om forskriftsarbeid i kommunene.*

## Saksopplysningar:

Saka vart sendt på høyring til FAU og SU ved Raudeberg skule, FAU og SU ved Skram skule og Vestland fylkeskommune. I tillegg var den lagt ut som offentleg høyring.

Høyringsperioden var frå 03.02.2026 til 17.03.2026. Det kom inn fire høyringssvar innan fristen.

## Vurderingar:

| Avsendar | Høyringsinnspel | Kommunedirektøren si vurdering |
|---|---|---|
| Even Halsør | Busstransporten må endres i forhold til dagens opplegg. I dag går bussen frå holdeplassen på Raudeberg-Halsør-vedvik-Raudeberg. Og tilbake er det samme rute motsett veg. Raudeberg-Refvik-vedvik-Halsør. Ungane frå Røysa/Halsør sitter i dag lenge på bussen (ca 1 time tur/retur). Det er uhaldbart at dei minste ungane skal måtte sitte enda lenger på buss kvar dag. Bussrutene må legges om slik at ikkje det slår enda verre ut med transportlengde enn i dagens situasjon. Bussen vil i tillegg få fleire stoppesteder på ruta når ungane frå Raudeberg som i dag går/sykler til skulen også skal ta buss. Dette betyr enda lenger tid på bussen. | Det er eit klart mål for kommunedirektøren å sikre at elevane får så kort reiseveg som mogleg. Innspelet om busstransport har ikkje direkte innverknad på fastsetting av opptaksområde, men kommunedirektøren tar med seg desse innspela i dialogen med Skyss, som er dei som har ansvar for oppsett og organisering av skuleskyss i Vestland. |
| Elin Maria Børslid | Busstransporten må endres i forhold til dagens opplegg. I dag går bussen fra holdeplassen på Raudeberg-Halsør-Vedvik-Raudeberg. Tilbake er det samme rute motsett vei Raudeberg-Refvik-Vedvik-Halsør. Barna fra Røysa/Halsør sitter i dag lenge på bussen (ca. 1 time tur/retur). Det er uholdbart at de minste barna skal måtte sitte enda lenger på buss hver dag. | Det er eit klart mål for kommunedirektøren å sikre at elevane får så kort reiseveg som mogleg. Innspelet om busstransport har ikkje direkte innverknad på fastsetting av |

| | | |
|---|---|---|
| | Bussrutene må legges om slik at ikke det slår enda verre ut med transportlengde enn i dagens situasjon. Bussen vil i tillegg få flere stoppesteder på ruten når barna fra Raudeberg som i dag går/sykler til skolen også skal ta buss. Dette betyr enda lenger tid på bussen. | opptaksområde, men kommunedirektøren tar med seg desse innspela i dialogen med Skyss, som er dei som har ansvar for oppsett og organisering av skuleskyss i Vestland. |
| Ivan Kråkenes | Busstransporten må endres i forhold til dagens opplegg. I dag går bussen fra holdeplassen på Raudeberg-Halsør-Vedvik-Raudeberg. Tilbake er det samme rute motsett vei Raudeberg-Refvik-Vedvik-Halsør. Barna fra Røysa/Halsør sitter i dag lenge på bussen (ca. 1 time tur/retur). Det er uholdbart at de minste barna skal måtte sitte enda lenger på buss hver dag. Bussrutene må legges om slik at ikke det slår enda verre ut med transportlengde enn i dagens situasjon. Bussen vil i tillegg få flere stoppesteder på ruten når barna fra Raudeberg som i dag går/sykler til skolen også skal ta buss. Dette betyr enda lenger tid på bussen. | Det er eit klart mål for kommunedirektøren å sikre at elevane får så kort reiseveg som mogleg. Innspelet om busstransport har ikkje direkte innverknad på fastsetting av opptaksområde, men kommunedirektøren tar med seg desse innspela i dialogen med Skyss, som er dei som har ansvar for oppsett og organisering av skuleskyss i Vestland. |
| FAU Raudeberg skule | Busstransporten må endres i forhold til dagens opplegg. I dag går bussen fra holdeplassen på Raudeberg-Halsør-Vedvik-Raudeberg. Tilbake er det samme rute motsett vei Raudeberg-Refvik-Vedvik-Halsør. Barna fra Røysa/Halsør sitter i dag lenge på bussen (ca 1 time tur/retur). Det er uholdbart at de minste barna skal måtte sitte enda lenger på buss hver dag. Bussrutene må leggesom slik at ikke det slår enda verre ut med transportlengde enn i dagens situasjon. Bussen vil i tillegg få flere stoppesteder på ruten når barna fra Raudeberg som i dag går/sykler til skolen også skal ta buss. Dette betyr enda lenger tid på bussen | Det er eit klart mål for kommunedirektøren å sikre at elevane får så kort reiseveg som mogleg. Innspelet om busstransport har ikkje direkte innverknad på fastsetting av opptaksområde, men kommunedirektøren tar med seg desse innspela i dialogen med Skyss, som er dei som har ansvar for oppsett og organisering av skuleskyss i Vestland. |

Det er ingen høyringsinnspel som handlar om endring av utkast til opptaksområdet. Det er difor kommunedirektøren si vurdering at nytt opptaksområde for Skram skole blir i samsvar med forslag til opptaksområde som er sendt på høyring.

Kommunedirektøren viser elles til vurderingane av høyringsinnspela som er gjort i tabellen over.

**Økonomiske konsekvensar**:
Dei samla skysskostnadane for elevar ved Skram skole vert redusert då skyss for elevar til modulskulen vil opphøyre. Endringane i skysskostnadar er innarbeidd i rammene i budsjett og økonomiplan. Vestland fylkeskommune set opp skuleskyss i tråd med vedtekne opptaksområde i Kinn kommune.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
Opplæringslova: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2023-06-09-30?q=opplæringslova

---

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

**Røysting:**
Innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedteke.

**KOST- 059/26 Vedtak:**
Med heimel i Opplæringslova § 2-6 rår Oppvekst og kulturutvalet Kinn kommunestyre til å vedta slik endring av kommunal forskrift om opptaksområde ved nedlegging av Raudeberg skule.

1. Raudeberg skule sitt opptaksområdet opphøyrer frå og med 01.08.2027.
2. Skram skole sitt opptaksområde vert frå 01.08.2027 utvida til gjelde heile Vågsøya, Silda og øyane i sør.

## Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 24.03.2026:

**Røysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

**OPKUV- 046/26 Vedtak:**
Med heimel i Opplæringslova § 2-6 rår Oppvekst og kulturutvalet Kinn kommunestyre til å vedta slik endring av kommunal forskrift om opptaksområde ved nedlegging av Raudeberg skule.

1. Raudeberg skule sitt opptaksområdet opphøyrer frå og med 01.08.2027.
2. Skram skole sitt opptaksområde vert frå 01.08.2027 utvida til gjelde heile Vågsøya, Silda og øyane i sør.

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FA-A00, FA-A20 |
| **JournalpostID:** | 26/16586 |
| **Sakshandsamar:** | Marianne Nødset |
| **Dato:** | 16.03.2026 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 035/26 | Oppvekst- og kulturutvalet | 24.03.2026 |
| 060/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |

# Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn kommune 2025-26

**KOST- 060/26 Vedtak:**

Tilstandsrapporten for grunnskulen i Kinn kommune 2025-26 vert tatt til vitande.

**Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 24.03.2026**

1. Tilstandsrapporten for grunnskulen i Kinn kommune 2025-26 vert tatt til vitande.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
1. Tilstandsrapporten for grunnskulen i Kinn kommune 2025-26 vert tatt til vitande.

---

**Bakgrunn for saka:**
Frå 01.08.2024 er det ikkje lengre eit krav om at skuleeigar må utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa.

Opplæringslova § 17-12 legg slike føringar:

- Andre ledd: *Kommunen og fylkeskommunen skal arbeide for å halde ved lag og heve kvaliteten i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa.*

- Fjerde ledd: *Kommunestyret og fylkestinget skal minst ein gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa.*

**Saksopplysningar:**
I *Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn kommune 2025-26* vert det presentert både tal og forteljingar som seier noko om kvaliteten i grunnskuleopplæringa i Kinn kommune.

Informasjonen i tilstandsrapporten er henta frå skuleeigar sine skulebesøk, og nasjonal statistikk for læringsresultat og læringsmiljø frå aktuelle fagsystem for grunnskulesektoren. I tillegg til å presentere resultat frå siste året, vert det også

presentert utviklingstrekk for dei åra vi har samanlikningsgrunnlag.

I tilstandsrapporten vert det presentert døme på korleis vi i Kinn kommune følgjer opp nasjonale satsingar for å styrke arbeidet med læringsmiljø og grunnleggande ferdigheiter på kommunenivå og korleis nokre av skulane arbeider med dette.

Tilstandsrapporten er ein del av grunnskule sin årsrapport 2025 og vil følgje som vedlegg til årsrapporten i Framsikt.

**Vurderingar:**
Viser til vedlagt rapport « Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn kommune 2025-26

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
Opplæringslova § 17-12

---

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

**Røysting:**
Innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedteke.

**KOST- 060/26 Vedtak:**

Tilstandsrapporten for grunnskulen i Kinn kommune 2025-26 vert tatt til vitande.

## Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 24.03.2026:

Orientering om utvalde områder i rapporten, av oppvekstfagleg rådgjevar Mona Ødegård Standal:
- resultat nasjonale prøver; tiltak og satsingsområde for oppfølging av resultat
- aukande elevfråvær: oppfølginga til skulane

**Røysting:**
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

**OPKUV- 035/26 Vedtak:**

1. Tilstandsrapporten for grunnskulen i Kinn kommune 2025-26 vert tatt til vitande.

**Vedlegg i saken:**
Tilstandsrapport 2025-26 Grunnskolen i Kinn

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FE-033 |
| **JournalpostID:** | 26/19781 |
| **Sakshandsamar:** | Mari Halsør |
| **Dato:** | 30.03.2026 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 061/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |

## Interpellasjonar

**KOST- 061/26 Vedtak:**
**INTER 003/26**

Kommunestyret ber kontrollutvalet om å få inn sak om forsinkelsesrenter og purregebyr i forvaltningsprosjektet internkontroll.

**INTER 004/26**

**Følgjande førespurnad sendast til Helse Førde:**

Kinn kommune viser til vedtak i styret i Helse Førde om nedlegging av Hudpoliklinikken i Florø, etterfølgt av digitalt møte med administrativ leiing i Helse Førde og formannskapet i Kinn kommune. Kommunestyret i Kinn har følgande uttale til styret sitt vedtak og aktiviteten HF har i Florø generelt:

Avviklinga av Florø sjukehus var starten på oppbygginga av eit distriktsmedisinsk senter i Florø, Sunnfjord medisinske senter. Ulike poliklinikkar var etablert tett i tett med kommunehelsetenestene i Flora kommune. I dag er Sunnfjord medisinske senter (SMS) eit velfungerande helsefellesskap som gjer betydelege synergiar i kommunen, men også til Helse Førde. Pasientar som treng repeterande behandling som hos til dømes Hudpoliklinikken får tilbodet lokalt slik at dei slepp reisebelastning ofte og arbeidsfråværet vert lite.

Kinn kommunestyre ser ikkje at det er dokumentert vesentlege innsparingar for helseføretaket å legge ned tilbodet i Florø. For pasientane og arbeidsgjevarar er ulempene store og kostbare. Nedlegginga vil påføre samfunnet kostnader langt over det HF eventuelt vil spare, både økonomisk og arbeidsressursmessig. I møte med formannskapet kunne heller ikkje leiinga ved helseføretaket fortelje når nedlegging skulle skje eller korleis tilbodet til gruppa ville bli.

Desentraliserte spesialisthelsetenester er ei nasjonal satsing og teknologisk utvikling tilseier at tilbodet kan utviklast. Difor er det overraskande at HF bygger ned SMS, sist med røntgen og no med hudpoliklinikk.

Spesialisthelsetenestene i Florø er viktig for kompetansemiljøet i Florø, det er viktig for pasientane og det er naturleg å styrke desentraliserte tenester. Vi vil også peike på rekrutteringssamarbeidet mellom SMS og HF. Bygger ein ned fagmiljøet ein stad vil dette svekke totalen og rekruttering til sentralsjukehuset.

Kinn kommune ber HF:
1. Legge ein tydeleg plan for kva helsetenester ein ynskjer i Florø
2. Reverserer vedtaket om nedlegging av Hudpoliklinikken
3. Invitere til reell samhandling om endring av helsetenestetilbod for pasientar i Kinn og Bremanger.

---

---

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt
Kommunestyret ber kontrollutvalet om å få inn sak om forsinkelsesrenter og purregebyr i forvaltningsprosjektet internkontroll.

Interpellasjon og svar frå ordførar under kvar enkel underliggande sak.

**INTER 002/26 - Om Skyss bestilling i Vågsøy-området**
Interpellasjonen vert utsett, då innsendar ikkje er til stade.

**INTER 003/26 - Forseinkingsrenter og purregebyr i Kinn kommune**
Repr. Vågene samrøystes vedteke som setteordførar under interpellasjonen 003/26.

**Røysting:**
Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson samrøystes vedteke.

**INTER 004/26 - Spesialisthelsetenestene i Florø**

**Røysting:**
Kommunestyret vedtek samrøystes realitetsbehandling av interpellasjonen.
Framlegg frå AP v/repr. Teigen om å sende inn førespurnad til Hese Førde samrøystes vedteke.

**KOST- 061/26 Vedtak:**
**INTER 003/26**

Kommunestyret ber kontrollutvalet om å få inn sak om forsinkelsesrenter og purregebyr i forvaltningsprosjektet internkontroll.

**INTER 004/26**

**Følgjande førespurnad sendast til Helse Førde:**

Kinn kommune viser til vedtak i styret i Helse Førde om nedlegging av Hudpoliklinikken i Florø, etterfølgt av digitalt møte med administrativ leiing i Helse Førde og formannskapet i Kinn kommune. Kommunestyret i Kinn har følgande uttale til styret sitt vedtak og aktiviteten HF har i Florø generelt:

Avviklinga av Florø sjukehus var starten på oppbygginga av eit distriktsmedisinsk senter i Florø, Sunnfjord medisinske senter. Ulike poliklinikkar var etablert tett i tett med kommunehelsetenestene i Flora kommune. I dag er Sunnfjord medisinske senter (SMS) eit velfungerande helsefellesskap som gjer betydelege synergiar i kommunen, men også

til Helse Førde. Pasientar som treng repeterande behandling som hos til dømes Hudpoliklinikken får tilbodet lokalt slik at dei slepp reisebelastning ofte og arbeidsfråværet vert lite.

Kinn kommunestyre ser ikkje at det er dokumentert vesentlege innsparingar for helseføretaket å legge ned tilbodet i Florø. For pasientane og arbeidsgjevarar er ulempene store og kostbare. Nedlegginga vil påføre samfunnet kostnader langt over det HF eventuelt vil spare, både økonomisk og arbeidsressursmessig. I møte med formannskapet kunne heller ikkje leiinga ved helseføretaket fortelje når nedlegging skulle skje eller korleis tilbodet til gruppa ville bli.

Desentraliserte spesialisthelsetenester er ei nasjonal satsing og teknologisk utvikling tilseier at tilbodet kan utviklast. Difor er det overraskande at HF bygger ned SMS, sist med røntgen og no med hudpoliklinikk.

Spesialisthelsetenestene i Florø er viktig for kompetansemiljøet i Florø, det er viktig for pasientane og det er naturleg å styrke desentraliserte tenester. Vi vil også peike på rekrutteringssamarbeidet mellom SMS og HF. Bygger ein ned fagmiljøet ein stad vil dette svekke totalen og rekruttering til sentralsjukehuset.

Kinn kommune ber HF:
1. Legge ein tydeleg plan for kva helsetenester ein ynskjer i Florø
2. Reverserer vedtaket om nedlegging av Hudpoliklinikken
3. Invitere til reell samhandling om endring av helsetenestetilbod for pasientar i Kinn og Bremanger.

**Underliggande sak:**
002/26, Interpellasjon - Om Skyss bestilling i Vågsøy-området
Interpellasjonen vert utsett, då innsendar ikkje er til stade.

003/26, Interpellasjon - Forseinkingsrenter og purregebyr i Kinn kommune
Kommunestyret ber kontrollutvalet om å få inn sak om forsinkelsesrenter og purregebyr i forvaltningsprosjektet internkontroll.

004/26, Interpellasjon - spesialisthelsetenestene i Florø
**Følgjande førespurnad sendast til Helse Førde:**

Kinn kommune viser til vedtak i styret i Helse Førde om nedlegging av Hudpoliklinikken i Florø, etterfølgt av digitalt møte med administrativ leiing i Helse Førde og formannskapet i Kinn kommune. Kommunestyret i Kinn har følgande uttale til styret sitt vedtak og aktiviteten HF har i Florø generelt:

Avviklinga av Florø sjukehus var starten på oppbygginga av eit distriktsmedisinsk senter i Florø, Sunnfjord medisinske senter. Ulike poliklinikkar var etablert tett i tett med kommunehelsetenestene i Flora kommune. I dag er Sunnfjord medisinske senter (SMS) eit velfungerande helsefellesskap som gjer betydelege synergiar i kommunen, men også til Helse Førde. Pasientar som treng repeterande behandling som hos til dømes Hudpoliklinikken får tilbodet lokalt slik at dei slepp reisebelastning ofte og arbeidsfråværet vert lite.

Kinn kommunestyre ser ikkje at det er dokumentert vesentlege innsparingar for helseføretaket å legge ned tilbodet i Florø. For pasientane og arbeidsgjevarar er ulempene store og kostbare. Nedlegginga vil påføre samfunnet kostnader langt over det HF eventuelt vil spare, både økonomisk og arbeidsressursmessig. I møte med formannskapet kunne heller ikkje leiinga ved helseføretaket fortelje når nedlegging skulle skje eller korleis tilbodet til gruppa ville bli.

Desentraliserte spesialisthelsetenester er ei nasjonal satsing og teknologisk utvikling

tilseier at tilbodet kan utviklast. Difor er det overraskande at HF bygger ned SMS, sist med røntgen og no med hudpoliklinikk.

Spesialisthelsetenestene i Florø er viktig for kompetansemiljøet i Florø, det er viktig for pasientane og det er naturleg å styrke desentraliserte tenester. Vi vil også peike på rekrutteringssamarbeidet mellom SMS og HF. Bygger ein ned fagmiljøet ein stad vil dette svekke totalen og rekruttering til sentralsjukehuset.

Kinn kommune ber HF:
1. Legge ein tydeleg plan for kva helsetenester ein ynskjer i Florø
2. Reverserer vedtaket om nedlegging av Hudpoliklinikken
3. Invitere til reell samhandling om endring av helsetenestetilbod for pasientar i Kinn og Bremanger.

# Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | TI-&29 |
| **JournalpostID:** | 26/19762 |
| **Sakshandsamar:** | Bengt Solheim-Olsen |
| **Dato:** | 26.03.2026 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 002/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |
| | Kommunestyret | |

## Interpellasjon - Om Skyss bestilling i Vågsøy-området

**KOST- 002/26 Vedtak:**
Interpellasjonen vert utsett, då innsendar ikkje er til stade.

---

---

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

Interpellasjonen vert utsett, då innsendar ikkje er til stade.

**KOST- 002/26 Vedtak:**
Interpellasjonen vert utsett, då innsendar ikkje er til stade.

**Vedlegg i saken:**
websak_inn.xml

# Kinn kommune

**Arkiv:** TI-&29
**JournalpostID:** 26/20328
**Sakshandsamar:** Bengt Solheim-Olsen
**Dato:** 01.04.2026

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 003/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |

# Interpellasjon - Forseinkingsrenter og purregebyr i Kinn kommune

**KOST- 003/26 Vedtak:**
Kommunestyret ber kontrollutvalet om å få inn sak om forsinkelsesrenter og purregebyr i forvaltningsprosjektet internkontroll.

---

---

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt
Kommunestyret ber kontrollutvalet om å få inn sak om forsinkelsesrenter og purregebyr i forvaltningsprosjektet internkontroll

**Interpellasjon frå Raudt v/repr. Henriksson - Forseinkingsrenter og purregebyr i Kinn kommune**

Gjennom innsyn i kommunen sine rekneskapstal for dei siste åra kjem det fram at Kinn kommune har hatt betydelege utgifter knytt til forseinkingsrenter og purregebyr.

Dokumentasjonen viser mellom anna:
• I 2025 vart det totalt ført opp om lag 643 000 kr, der to enkeltforhold utgjer ein svært stor del av beløpet
• Når desse to ekstraordinære sakene vert haldne utanfor, er nivået framleis om lag 103 000 kr for 2025
• I 2024 var tilsvarande kostnader om lag 110 000 kr
• I 2023 om lag 123 000 kr
• For 2022 var kostnaden 237 000 kr

Dette viser at kommunen over fleire år har hatt eit vedvarande nivå av slike kostnader, også når ein ser bort frå ekstraordinære enkeltsaker.
Sjølv om noko av dette kan forklarast med enkeltståande forhold (t.d. tvistesaker og systemfeil), reiser omfanget spørsmål om rutinar, internkontroll og økonomistyring.

På denne bakgrunn vil eg stille følgjande spørsmål:
1. Korleis vurderer ordføraren nivået på forseinkingsrenter og purregebyr dei siste åra? Er dette på eit akseptabelt nivå samanlikna med andre kommunar?

2. Kva er dei viktigaste årsakene til at kommunen pådreg seg slike kostnader?

I kva grad skuldast dette:
- manglande rutinar
- kapasitetsutfordringar
- systemfeil
- eller enkeltståande saker?

3. Er det sett i verk tiltak for å redusere desse kostnadene? Og kva effekt har desse tiltaka i så fall hatt så langt?

4. Har kommunen gode nok system for oppfølging av leverandørfaktura og betalingsfristar? Er det gjennomført intern revisjon eller kontroll av desse rutinane?

Grunngjeving
Forseinkingsrenter og purregebyr er i utgangspunktet unødvendige kostnader for kommunen. Dette er midlar som heller kunne vore nytta til tenester for innbyggjarane. Når det årlege nivået over fleire år ligg på over hundre tusen kroner, er det grunn til å stille spørsmål ved om kommunen har gode nok rutinar og styring på dette området.

**Svar frå ordførar:**
Det er to større saker i 2025. Kr 321 tusen knytt til feil ved utrekning av arbeidsgivaravgift tidlegare år pga. systemfeil i lønssystem, og kr 218 tusen knytt til faktura frå 2023 som pga ei tvistesak ikkje blei betalt før i 2024/2025.
Sett bort frå desse ekstraordinære sakene er sum forseinkingsrente og purregebyr i 2025 på om lag 103 tusen. I 2024 var tilsvarande sum kr 110 tusen, og i 2023 124 tusen.

Kinn kommune handsamar om lag 35 tusen inngåande leverandørfaktura pr år. I 2025 viser bevegelsar på leverandørreskontro eit beløp på i overkant av 1 milliardar kroner, og i 2024/2023 i underkant av 1 milliard.
Med utgangspunkt i 35 tusen inngåande leverandørfakturaer utgjer purrebilag med forseinkingsrente og purregebyr i underkant av 0,5% pr år. Del forseinkingsrente/purregebyr av totalsum leverandørfaktura tilsvarar om lag 1 promille.

Fakturaflyt leverandørfaktura består av mottak – kontering – attestering – tilvising – kontroll – betaling. Kinn kommune er oppdelt i 68 ulike ansvar med tilknytt budsjett-/tilvisingsfullmakt. Mange personar i organisasjonen må handsame og ofte splitte dei 35 tusen fakturaene for å sikre at innhald i faktura er rett, og blir rekneskapsført rett i forhold til mellom anna KOSTRA, ansvarsområde mv. Det er difor risiko for at ein faktura kan ta for lang tid i fakturaflyten sjølv om tenestene blir purra undervegs.

Vi har ikkje samanlikningstal på området i forhold til andre kommunar, men uavhengig av kva andre kommunar oppnår er det ei målsetting for Kinn kommune å kome nærast mogleg null når det gjeld forseinkingsrente og purregebyr. I 2026 vil Kinn kommune ta i bruk «Smart kontering» i fakturaflyten, og det er ei målsetting at dette saman med enno tettare oppfølging av tenestene skal effektivisere fakturaflyten, og derigjennom mellom anna redusere forseinkingsrente og purregebyr.

**Røysting:**
Kommunestyret vedtek samrøystes realitetsbehandling av interpellasjonen.
Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson samrøystes vedteke.

**KOST- 003/26 Vedtak:**
Kommunestyret ber kontrollutvalet om å få inn sak om forsinkelsesrenter og purregebyr i

forvaltningsprosjektet internkontroll.

**Vedlegg i saken:**
websak_inn.xml

# Kinn kommune

**Arkiv:** TI-&29
**JournalpostID:** 26/20963
**Sakshandsamar:** Øyvind Bang-Olsen
**Dato:** 06.04.2026

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 004/26 | Kommunestyret | 09.04.2026 |

## Interpellasjon - spesialisthelsetenestene i Florø

**KOST- 004/26 Vedtak:**
**Følgjande førespurnad sendast til Helse Førde:**

Kinn kommune viser til vedtak i styret i Helse Førde om nedlegging av Hudpoliklinikken i Florø, etterfølgt av digitalt møte med administrativ leiing i Helse Førde og formannskapet i Kinn kommune. Kommunestyret i Kinn har følgande uttale til styret sitt vedtak og aktiviteten HF har i Florø generelt:

Avviklinga av Florø sjukehus var starten på oppbygginga av eit distriktsmedisinsk senter i Florø, Sunnfjord medisinske senter. Ulike poliklinikkar var etablert tett i tett med kommunehelsetenestene i Flora kommune. I dag er Sunnfjord medisinske senter (SMS) eit velfungerande helsefellesskap som gjer betydelege synergiar i kommunen, men også til Helse Førde. Pasientar som treng repeterande behandling som hos til dømes Hudpoliklinikken får tilbodet lokalt slik at dei slepp reisebelastning ofte og arbeidsfråværet vert lite.

Kinn kommunestyre ser ikkje at det er dokumentert vesentlege innsparingar for helseføretaket å legge ned tilbodet i Florø. For pasientane og arbeidsgjevarar er ulempene store og kostbare. Nedlegginga vil påføre samfunnet kostnader langt over det HF eventuelt vil spare, både økonomisk og arbeidsressursmessig. I møte med formannskapet kunne heller ikkje leiinga ved helseføretaket fortelje når nedlegging skulle skje eller korleis tilbodet til gruppa ville bli.

Desentraliserte spesialisthelsetenester er ei nasjonal satsing og teknologisk utvikling tilseier at tilbodet kan utviklast. Difor er det overraskande at HF bygger ned SMS, sist med røntgen og no med hudpoliklinikk.

Spesialisthelsetenestene i Florø er viktig for kompetansemiljøet i Florø, det er viktig for pasientane og det er naturleg å styrke desentraliserte tenester. Vi vil også peike på rekrutteringssamarbeidet mellom SMS og HF. Bygger ein ned fagmiljøet ein stad vil dette svekke totalen og rekruttering til sentralsjukehuset.

Kinn kommune ber HF:
1. Legge ein tydeleg plan for kva helsetenester ein ynskjer i Florø
2. Reverserer vedtaket om nedlegging av Hudpoliklinikken
3. Invitere til reell samhandling om endring av helsetenestetilbod for pasientar i Kinn og Bremanger.

## Behandling i Kommunestyret 09.04.2026:

**Interpellasjon frå AP v/repr. Teigen -Spesialisthelsetenestene i Florø**
Kinn kommune viser til vedtak i styret i Helse Førde om nedlegging av Hudpoliklinikken i Florø, etterfølgt av digitalt møte med administrativ leiing i Helse Førde og formannskapet i Kinn kommune. Kommunestyret i Kinn har følgande uttale til styret sitt vedtak og aktiviteten HF har i Florø generelt:

Avviklinga av Florø sjukehus var starten på oppbygginga av eit distriktsmedisinsk senter i Florø, Sunnfjord medisinske senter. Ulike poliklinikkar var etablert tett i tett med kommunehelsetenestene i Flora kommune. I dag er Sunnfjord medisinske senter (SMS) eit velfungerande helsefellesskap som gjer betydelege synergiar i kommunen, men også til Helse Førde. Pasientar som treng repeterande behandling som hos til dømes Hudpoliklinikken får tilbodet lokalt slik at dei slepp reisebelastning ofte og arbeidsfråværet vert lite.

Kinn kommunestyre ser ikkje at det er dokumentert vesentlege innsparingar for helseføretaket å legge ned tilbodet i Florø. For pasientane og arbeidsgjevarar er ulempene store og kostbare. Nedlegginga vil påføre samfunnet kostnader langt over det HF eventuelt vil spare, både økonomisk og arbeidsressursmessig. I møte med formannskapet kunne heller ikkje leiinga ved helseføretaket fortelje når nedlegging skulle skje eller korleis tilbodet til gruppa ville bli.

Desentraliserte spesialisthelsetenester er ei nasjonal satsing og teknologisk utvikling tilseier at tilbodet kan utviklast. Difor er det overraskande at HF bygger ned SMS, sist med røntgen og no med hudpoliklinikk.

Spesialisthelsetenestene i Florø er viktig for kompetansemiljøet i Florø, det er viktig for pasientane og det er naturleg å styrke desentraliserte tenester. Vi vil også peike på rekrutteringssamarbeidet mellom SMS og HF. Bygger ein ned fagmiljøet ein stad vil dette svekke totalen og rekruttering til sentralsjukehuset.

Kinn kommune ber HF:
1. Legge ein tydeleg plan for kva helsetenester ein ynskjer i Florø
2. Reverserer vedtaket om nedlegging av Hudpoliklinikken
3. Invitere til reell samhandling om endring av helsetenestetilbod for pasientar i Kinn og Bremanger.

**Røysting:**
Kommunestyret vedtek samrøystes realitetsbehandling av interpellasjonen.
Framlegg frå AP v/repr. Teigen om å sende inn førespurnad til Hese Førde samrøystes vedteke.

**KOST- 004/26 Vedtak:**
**Følgjande førespurnad sendast til Helse Førde:**

Kinn kommune viser til vedtak i styret i Helse Førde om nedlegging av Hudpoliklinikken i Florø, etterfølgt av digitalt møte med administrativ leiing i Helse Førde og formannskapet i Kinn kommune. Kommunestyret i Kinn har følgande uttale til styret sitt vedtak og aktiviteten HF har i Florø generelt:

Avviklinga av Florø sjukehus var starten på oppbygginga av eit distriktsmedisinsk senter i Florø, Sunnfjord medisinske senter. Ulike poliklinikkar var etablert tett i tett med kommunehelsetenestene i Flora kommune. I dag er Sunnfjord medisinske senter (SMS)

eit velfungerande helsefellesskap som gjer betydelege synergiar i kommunen, men også til Helse Førde. Pasientar som treng repeterande behandling som hos til dømes Hudpoliklinikken får tilbodet lokalt slik at dei slepp reisebelastning ofte og arbeidsfråværet vert lite.

Kinn kommunestyre ser ikkje at det er dokumentert vesentlege innsparingar for helseføretaket å legge ned tilbodet i Florø. For pasientane og arbeidsgjevarar er ulempene store og kostbare. Nedlegginga vil påføre samfunnet kostnader langt over det HF eventuelt vil spare, både økonomisk og arbeidsressursmessig. I møte med formannskapet kunne heller ikkje leiinga ved helseføretaket fortelje når nedlegging skulle skje eller korleis tilbodet til gruppa ville bli.

Desentraliserte spesialisthelsetenester er ei nasjonal satsing og teknologisk utvikling tilseier at tilbodet kan utviklast. Difor er det overraskande at HF bygger ned SMS, sist med røntgen og no med hudpoliklinikk.

Spesialisthelsetenestene i Florø er viktig for kompetansemiljøet i Florø, det er viktig for pasientane og det er naturleg å styrke desentraliserte tenester. Vi vil også peike på rekrutteringssamarbeidet mellom SMS og HF. Bygger ein ned fagmiljøet ein stad vil dette svekke totalen og rekruttering til sentralsjukehuset.

Kinn kommune ber HF:
1. Legge ein tydeleg plan for kva helsetenester ein ynskjer i Florø
2. Reverserer vedtaket om nedlegging av Hudpoliklinikken
3. Invitere til reell samhandling om endring av helsetenestetilbod for pasientar i Kinn og Bremanger.

**Vedlegg i saken:**
Følgeskriv